Ulike typer verdipapirer, som for eksempel aksjer og obligasjoner.

Basispunkt

Et basispunkt er ett hundredels prosentpoeng. Denne måleenheten brukes særlig til å angi kostnader og avkastningsforskjeller i kapitalforvaltning.

BIS vekt (Bank of International Settlement)

Bank of international settlements (BIS) har satt opp retningslinjer for hvordan man skal risikovekte en låntager. Skalen går fra 0 til 1, hvor 0 er lavest. Staten er vektet 0, mens kommuner og banker er vektet 0,2. Industriselskaper er vektet 1. Vektingen innebærer at man kan låne ut 5 ganger så mye penger til en kommune som til industriselskaper for å oppnå samme kredittrisiko. BIS-vektingen påvirker blant annet Kommunalbankens kapitaldekning, og derigjennom størrelsen på bankens ansvarlige kapital.

Benchmark

Sammenligningsgrunnlag. I rentemarkedet benyttes ofte renten på statspapirer som benchmark, mens ledende aksjeindekser benyttes som benchmark i aksjemarkedet.

D-lånsrenten

Rente på overmatten-lån i Norges Bank.

Deflasjon

Vedvarende fall i det generelle prisnivået (se inflasjon).

Derivat

En finansiell kontrakt hvor verdien avhenger av verdien til en underliggende variabel på et fremtidig tidspunkt. Priser på finansielle aktiva, råvarer osv. benyttes ofte som underliggende variabel. Opsjoner og terminkontrakter er eksempler på derivater.

Durasjon

Durasjonen til en fastrenteobligasjon er den tid det i gjennomsnitt tar før alle kontantstrømmer (rentekuponger og hovedstol) forfaller til betaling. Durasjonen (egentlig modifisert durasjon) gir i tillegg uttrykk for hvor følsom verdien av obligasjonen er for endringer i rentenivået, og forteller hvor mange prosent verdien av obligasjonen vil gå ned med dersom markedsrentene stiger med ett prosentpoeng. Lang durasjon betyr at obligasjonsverdien er svært følsom for renteendringer.

Effektiv rente

Avkastningen (årlig rente) man vil oppnå ved å investere i et rentepapir til dagens kurs og sitte på det til forfall. Kalles også yield.

Egenkapitalinstrumenter

Aktivklasse som i hovedsak omfatter (fysiske) aksjer, aksjefuturekontrakter og opsjoner knyttet til aksjeverdier.

Egenkapitalbevis

Verdipapir som ligner på en aksje, men som skiller seg med hensyn til eierrett til selskapsformuen og innflytelse i selskapets organer. Egenkapitalbevis kan utstedes av sparebanker, kredittforeninger og gjensidige forsikringsselskaper for å tiltrekke seg ny kapital.

Emisjon

Innhenting av kapital ved utstedelse av verdipapirer. Ved en aksjeemisjon blir det utstedende aksjeselskapet tilført ny egenkapital, mens ved utstedelse av obligasjons- og sertifikatlån blir utsteder tilført ny fremmedkapital.

ESB

Den europeiske sentralbanken, lokalisert i Frankfurt, som fra 1. januar 1999 har hatt ansvaret for å utforme og gjennomføre pengepolitikken innenfor den monetære unionen i EU.

Fastrenteobligasjon

Obligasjon som gir samme nominelle rente i hele løpetiden.

Finansieringsforetak

Samlebetegnelse for finansieringsselskaper og kredittforetak.

Finansieringsselskap

Selskap som har konsesjon til å drive finansieringsvirksomhet, men ikke er bank, forsikringsselskap eller låneformidlingsforetak. I motsetning til kredittforetak er finansieringsselskap ikke obligasjonsutstedende.

Finansinstitusjoner

Selskap, foretak eller annen institusjon som driver finansieringsvirksomhet, med unntak av offentlige kredittinstitusjoner og fond, verdipapirfond, verdipapirforetak. Finansinstitusjon er en samlebetegnelse for banker, finansieringsforetak og forsikringsselskaper.

Finanstilsynet

Finanstilsynet fører tilsyn med finansinstitusjoner, institusjonene i verdipapirmarkedet, pensjonskasser, revisorer, regnskapsførere, eiendomsめglere og inkassoselskaper.

F-innskudd

Bankenes innskudd i Norges Bank til fast rente og løpetid.

Float

Floatperiode: Perioden fra det tidspunkt betalers konto belastes et beløp til det tidspunktet mottakers konto godskrives det samme beløp. Floatinntekt: Avkastningen den betalingsformidlende institusjon har av floatbeløpet i floatperioden.

F-lån

Bankenes lån i Norges Bank til fast rente og løpetid.

Foliorenten

Renten bankene får på sine innskudd fra en dag til den neste i Norges Bank. Foliorenten er det viktigste virkemiddelet i pengepolitikken.

Forvaltningskapital

Den samlede verdien av midlene en finansinstitusjon har til forvaltning. Forvaltningskapitalen tilsvarer balansesummen. Forkortelsen GFK benyttes for gjennomsnittlig forvaltningskapital.

FRA-rente

Forward Rate Agreement. Fremtidig renteavtale. Avtale mellom to parter om å fastlåse rentesatsen på et fremtidig innlån eller utlån for en gitt periode.

Gjenkjøpsavtale

Salg av verdipapirer der man samtidig gjør en avtale om å kjøpe papirene tilbake på et senere tidspunkt til en avtalt pris.

Hybridkapital

Som andre bedrifter er bankene finansiert ved egenkapital og lån. Hybridkapital er en mellomting mellom egenkapital og lån. Hybridkapital er egenkapital i dårlige tider, og lån i gode. Avkastningen til hybridkapitalen er en rente, på samme måte som andre obligasjoner, med fast eller flytende rente. Det gjør at avkastningen på hybridkapital er trygg og forutsigbar, på samme måte som annen gjeld. Egenkapitalen får derimot utbytte, som varierer fra år til år. Hvis en bank taper mye penger, går det utover egenkapitalen. Men hybridkapitalen skal også skrives ned i samme takt som denne. På samme måte; hvis en bank går så dårlig at den ikke har lov til å betale utbytte til egenkapitalen, skal den heller ikke betale renter på hybridkapitalen.

Ord og uttrykk brukt i finansreglement og finansrapport

IMM-dager

Vanlig brukte forfallsdager for standardiserte pengemarkedsprodukter (forkortelsen står for International Money Market).

Implisitt volatilitet

Forventet fremtidig volatilitet utledet fra opsjonspriser.

Indeks

En veiet sum av økonomiske/finansielle størrelser. Indekser benyttes til å si noe om utviklingen over tid. Konsumprisindekser og aksjeindekser er eksempler på hyppig benyttede indekser.

Inflasjon

Vedvarende vekst i det generelle prisnivået. Inflasjonen måles vanligvis ved veksten i konsumprisindeksen (KPI).

Intervensjoner

Norges Banks kjøp og salg av utenlandsk valuta med sikte på å påvirke valutakursen.

Kapitaldekning

Et forholdstall som sier noe om soliditeten til finansinstitusjoner og verdipapirforetak. Det er spesielle regler for hvordan kapitaldekningen skal beregnes. Se Finanstilsynets nettsider om kapitaldekning.

Konkurrensekursindeksen (KKI)

Indeks som viser verdien av norske kroner målt mot et veid gjennomsnitt av valutaene til 25 av Norges viktigste handelspartnere. Stigende indeksverdi betyr svakere kronekurs.

Korrelasjon

Korrelasjonen mellom to variable beskriver graden av samvariasjon. Dersom korrelasjonen er lik 1 beveger de to variablene seg alltid helt i takt. Dersom det er null korrelasjon, beveger de seg helt uavhengig av hverandre.

KPI

Konsumprisindeks. Indeks som måler veksten i konsumprisene (se inflasjon).

KPI-JAE

Et mål på veksten i konsumprisene justert for avgiftsendringer og uten energivarer. KPI-JAE er et mål på den underliggende prisstigningen.

Kredittforetak

Foretak som i hovedsak finansierer sin utlånsvirksomhet ved utstedelse av obligasjoner.

Kredittindikatorer (K2, K3)

Månedlige indikatorer for kreditt til publikum (kommuneforvaltning, ikke-finansielle foretak og husholdninger). De viktigste indikatorer omfatter henholdsvis publikums bruttogjeld til innenlandske kreditorer (K2) og til alle kreditorer, dvs. inkludert utlandet, (K3).

Kredittinstitusjon

Foretak som mottar innskudd eller andre tilbakebetalingspliktige midler og yter lån for egen regning.

Kredittrisiko

Risiko for at motpart ikke oppfyller sine forpliktelser. I et låneforhold består kredittrisikoen i at låntager ikke oppfyller låneavtalen.

Likviditetspremie

Ulike verdipapirer er mer eller mindre lett omsettelige. For eksempel omsettes det i de fleste land statsobligasjoner for store beløp hver dag, mens det for enkelte obligasjoner utstedt av private selskaper kan være vanskelig å finne en kjøper eller selger om en ønsker å foreta en handel. Papirer som det vanskelig å få solgt har gjerne litt høyere avkastning på grunn av det. Denne meravkastningen kalles en likviditetspremie.

Likviditetsrisiko (for finansinstitusjoner)

Risiko for økte kostnader som følge av at en motpart ikke gjør opp sin forpliktelse til rett tid. Risikoen skyldes at finansinstitusjonene, og spesielt bankene, i stor grad finansierer en forholdsvis langsiktig utlånsportefølje med kortsiktige innskudd eller innlån.

Likviditetsrisiko (i finansielle markeder)

Risikoen for å oppnå en dårlig pris fordi antallet aktuelle kjøpere/selgere i markedet er lite. OBX er de 25 mest likvide aksjene på Oslo børs. OB Match er øvrige aksjer med minimum 10 handler pr. dag. OB Standard er aksjer med mindre enn 10 handler pr. dag.

M2

Pengeholdende sektors (publikum og andre finansielle foretak enn banker og statlige låneinstitutter) beholdning av sedler og mynt, ubundne bankinnskudd og banksertifikater. M2 betegnes som det brede pengemengdebegrepet. Se også pengemengden.

Markedskapitaliseringsvekter

Markedskapitaliseringsvekter er vekter som svarer til den andel hvert aktivum eller aktivaklasse eller land/region har av total markedsverdi innenfor et definert univers. For Petroleumsfondet brukes slike vekter til å bestemme hvor stor andel hvert lands aksjeindeks skal ha i totalindeksen for en region.

Markedsrisiko

Risiko for potensielt tap i form av redusert markedsverdi som følge av prisfluktasjoner i finansielle markeder.

Meravkastning, mindreavkastning

Se differanseavkastning.

Nominell rente

Pålydende rente på en finansiell fordring. Se også realrente.

Nullkupongobligasjon

En obligasjon uten rentebetalinger. Nullkupongobligasjoner legges ut til underkurs, dvs. til en kurs lavere enn pålydende verdi, og løses inn til pålydende verdi ved forfall.

Obligasjon

Standardisert omsettelig lån med opprinnelig løpetid på minst ett år. Betingelsene ved et obligasjonslån, slik som løpetid, rente, renteutbetalingsdatoer og eventuelle rentereguleringsbestemmelser, avtales ved utstedelsen av lånet.

Operasjonell risiko

Risiko knyttet til faren for forstyrrelser og avbrudd av driftsmessig art, for eksempel brudd på prosedyrer, feil i IT-systemer eller maskinvarer, regelbrudd, bedragerier, brann og terrorangrep.

Oppgjørslisiko

Risiko for tap og likviditetsproblemer i forbindelse med avregnings- og oppgjørsfunksjonene. Oppgjørslisiko omfatter kredittrisiko, likviditetsrisiko, juridisk risiko og operasjonell risiko. Ved betalingsformidling blir transaksjoner generert av kunder og de resulterende eksponeringer vil ikke være resultat av eksplisitte kredittvurderinger. Risikoen som oppstår i et betalingssystem.

Opsjon

Man skiller mellom to typer opsjoner, kjøpsopsjoner og salgsopsjoner. En kjøpsopsjon (salgsopsjon) er en rett, men ikke plikt til å kjøpe (selge) et underliggende aktivum til en på forhånd avtalt pris. Mulige underliggende aktiva er aksjer, valuta m.m.

Pengemarkedsfond

Pengefond eller sameie som tar i mot penger fra publikum og investerer dem videre i kortsiktige verdipapirer.

Pengemengden

Pengeholdende sektors beholdning av sedler og mynt, bankinnskudd og andre finansielle instrumenter som inngår i ulike pengemengdebegreper (se også M2). Pengeholdende sektor består av publikum (kommuneforvaltningen, ikke-finansielle foretak og husholdninger) samt andre finansielle foretak enn banker og statlige låneinstitutter. (Merk at det gjelder andre definisjoner for basispengemengden).

Ord og uttrykk brukt i finansreglement og finansrapport

Pengeoppgjøret

Pengedelen av verdipapiroppgjøret.

Pengepolitikk

Myndighetens styring av renter og likviditet i markedet for norske kroner. Det viktigste virkemiddelet i pengepolitikken er renten på bankenes innskudd i Norges Bank (foliorenten).

Portefølje

Brukes om samlet mengde av de verdipapirer som et fond blir investert i. Petroleumsfondets portefølje består blant annet av aksjer, aksjefuturekontrakter, obligasjoner, pengemarkedsplasseringer, rentefuturekontrakter og valutaterminkontrakter.

Realrente

Realrenten er nominell rente korrigert for prisstigning (inflasjon).

Referanseportefølje

En referanseportefølje er en tenkt portefølje med en bestemt sammensetning av verdipapirer (obligasjonsindeks eller aksjeindeks) som en forvalter resultatmåles i forhold til. Referanseporteføljen representerer en nøytral investeringsstrategi.

Rentebærende instrumenter

Finansielle kontrakter der avkastningen er knyttet til en avtalt rente av en pålydende verdi. Et eksempel er obligasjoner.

Renteforvaltning

Styring og oppfølging av en portefølje av rentebærende instrumenter.

Rentefølsomhet

Sier noe om hvor mye kursen på et rentefond endres ved renteendring på ett prosentpoeng i pengemarkedet.

Rentemargin

Differansen mellom (en banks) utlåns- og innskuddsrente.

Rentepapirer

Fellesbetegnelse for obligasjoner, sertifikater og statskassveksler.

Renterisiko

Risiko for potensielt tap i form av redusert markedsverdi som følge av fluktuasjoner i renten.

Risikopremie

Den ekstra avkastningen en investor forventes å oppnå ved en risikabel investering i forhold til en risikofri investering. Investeringer i statlige rentepapirer benyttes vanligvis som det risikofrie sammenligningsgrunnlaget, selv om ingen investeringer er helt uten risiko.

Sertifikat

Standardisert omsettelig lån med løpetid på inntil 12 måneder (ett år). Se også obligasjon.

Short-salg

I mange markeder er det tillatt å avtale salg av verdipapirer man ikke eier. På avtalt leveringsdato må imidlertid selgeren ha papiret, enten etter å ha kjøpt det eller vanligere ved å ha lånt det av en tredjepart. Short-salg kan være lønnsomt dersom man venter at prisen på verdipapiret skal synke før man må kjøpe det.

Spread

Brukes generelt om forskjellen mellom to priser. I obligasjonsmarkedet brukes spread om forskjellen mellom salgs- og kjøpskurs på en obligasjon. Ved omsetning av obligasjoner tar ikke meglerne direkte betalt for sine tjenester, men stiller i stedet kurser for kjøp og salg.

Standardavvik

Standardavvik er et mål som viser hvor mye verdien av en variabel kan ventes å svinge. For en konstant verdi vil standardavviket være lik 0. Høyere standardavvik betyr større svingninger.

Statskassveksel

Et standardisert omsettelig lån utstedt av den norske stat med løpetid under ett år og ingen rentebetalinger. Se også nullkuponobligasjon.

Styringsrente

Sentralbankens sentrale rente i utøvelsen av pengepolitikken. I Norge er dette foliorenten.

Støttekjøp

En sentralbanks kjøp av en valuta for å øke prisen/kursen på valutaen (se intervensjoner).

Swap

Avtale mellom to parter om å bytte fremtidige kontantstrømmer. For eksempel kan den ene parten betale den andre flytende rente, mens den selv mottar fast rente.

Taktisk aktivaallokering

Å velge andre aktiva- eller markedssammensetninger enn i referanseporteføljen med sikte på å oppnå høyere avkastning.

Terminkontrakter

Kontrakter om kjøp eller salg av aktiva på et fremtidig tidspunkt og til en bestemt pris. Petroleumsfondet kjøper og selger valuta på termin, for å unngå valutakursrisiko i forhold til referanseporteføljens valutassammensetning.

Terminrenter

Terminrenter er renter som løper mellom to fremtidige tidspunkter. Terminrentene kan under visse forutsetninger gi uttrykk for markedets forventninger om fremtidig rentenivå.

Valutakurs

Prisen på et lands valuta målt mot andre lands valuta, for eksempel norske kroner per euro.

Valutaopsjoner

En rett, men ikke plikt, til å kjøpe eller selge et bestemt beløp valuta til en på forhånd avtalt valutakurs.

Valutareserver

Norges Banks beholdninger av finansielle aktiva i utenlandsk valuta som skal kunne benyttes i gjennomføringen av pengepolitikken. Norges Bank forvalter i tillegg Statens Petroleumsfond på vegne av Finansdepartementet.

Valutarisiko

Risiko for potensielt tap i form av redusert markedsverdi som følge av fluktuasjoner i valutakursen.

Valutaswapmarkedet

Et marked der to aktører i dag foretar et bytte mellom to valutaer med avtale om å reversere byttehandelen på et fremtidig tidspunkt til et bestemt kursforhold mellom de to valutaer (valutabytteavtale).

Verdipapirfond

Et fond som eies av en ubestemt krets av personer og hvor midlene i det vesentlige er investert i verdipapirer.

Verdipapirforetak

Foretak som yter investeringstjenester.

Volatilitet

Et statistisk mål for svingningene i en tidsserie.

VPS


Verdipapirsentralen (VPS) er en privat, selveiende institusjon, opprettet ved lov om verdipapirsentral, som driver et elektronisk rettighetsregister for aksjer, obligasjoner og andre finansielle instrumenter med i hovedsak norske utsteder.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.10.2016

Budsjettrapporten per 31.08.2016 vert teken til vitande.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/593
		Arkiv:	210

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
217/16	Formannskapet	18.10.2016
165/16	Kommunestyret	27.10.2016

BUDSJETTKONTROLL PER 31.08.2016

Tilråding:

Budsjettrapporten per 31.08.2016 vert teken til vitande.

Særutskrift:

- Vest kontroll IKS
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon,
- Avdelingane

Vedlegg:

- [Budsjettkontroll per 31.08.2016 - Avdelingane sine kommentarar](#)

Saksopplysningar:

Herøy kommune hadde ei god drift i 2015 og fekk eit mindreforbruk som vart nytta til å auke disposisjonsfondet.

Budsjettsituasjonen dei siste åra har vore stram og fokuset har vore kostnadskontroll. For 2016 ser vi at vi at nokre inntektspostar er sett høgt, og ein har sjølv sagt også nokre utfordringar på utgiftssida.

I økonomireglementet og i budsjettvedtaket står det at budsjettkontrollane per 30.04 og 31.08 skal handsamast av kommunestyret.

Tilbakemeldingar frå avdelingane

Dei fleste avdelingane meiner at dei skal klare å halde sine driftsbudsjett for 2016. Innanfor politisk leining er det meldt om eit meirforbruk på om lag kr 150.000,- knytt til abonnement, annonser og lisensar. Sosialhjelpsbudsjettet har vore uendra dei siste åra trass i at forbruket her har vore langt høgare enn budsjettet. Ein kan her risikere å få kostnader som er meir enn 3,0 mill høgare enn budsjettet (3,0 mill kr). Brannvernet melder om eit meirforbruk på om lag kr 500.000,- knytt til obligatorisk kursing av vaktstyrken. På plussida er det vakanse i stillinga som assisterande rådmann (ca 1,1 mill kr) noko som vil medføre at vi får dekt inn noko av innsparingskravet ein har budsjettet med under område 90. Også Servicetorget og Økonomiavdelinga har hatt vakansar i 2016 noko som samla sett kan utgjere opp mot 1,3 mill kr. Pleie- og omsorgsavdelinga voner at ein kan klare å halde budsjettet, men då er ein avhengig av at presset på sjukeheimane ikkje vert for stort. Bu- og habiliteringsavdelinga vil klare sitt budsjett og kanskje løyve litt ved årsslutt. Det same gjeld for andre store avdelingar som Skuleavdelinga og Barnehageavdeligna.

Den største usikkerheita er som vanleg knytt til området som Skatt, ramme, finans med meir. Skatteinntektene er ikkje så høge som vi har budsjettet med, vi har ei bankavtale som gjekk ut i mars og vilkåra ein klarte å forhandle seg fram til i den nye avtalen er på langt nær like god når det gjeld innskotsvilkåra. Det gjer nok at renteinntektene frå ordinære bankinnskott vil bli redusert. Hittil har avkastninga på obligasjonsporteføljen vore god medan avkastninga på aksjar (inkludert Tussa) ikkje vil bli på langt nær så god som budsjettet.

Pensjonskostnadane i 2015 vart lavare enn budsjettet bl.a. pga av at reglane for avsetjing til uførepensjon delvis vart overført til folketrygda. Det blir difor spennande å sjå korleis dette blir for 2016. Ein har fått opplyst at premieavviket vil bli stort dette året og amortiseringskostnadane aukar også ein del på grunn av ei kortare nedbetalingstid.

Arbeidsløysa i området stig og mange av dei ledige har snart nådd makstida for arbeidsavklaringspengar. Dette kan føre til at utgiftene til sosialhjelp aukar ytterlegare. På litt sikt vil dette også kunne gje utslag på reduserte skatteinntekter.

Når det gjeld skatt, ramme, finans etc vil mindreinntektene frå skatt/ramme sannsynlegvis utgjere inntil 3,2 mill kr i 2016.

Vi slit også med avkastninga på aksje- og obligasjonsinvesteringane våre (aktiv forvaltning). Per 31.08.2016 hadde vi ei samla mindreinntekt i høve til budsjettet på 1,55 mill kr. Skal vi klare dei budsjetterte inntektene her er ein avhengig av ein god haust på børsen.

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Alle tal i 1.000 kr	2016	2016		2015	2015	
Lønn inkl sos. Utgifter	259.728	264.755	-5.027	254.081	258.847	-4.765
Kjøp av varer og tenester	49.593	50.377	-784	53.124	50.518	2.606
Kjøp av varer og ten. som ersttar komm eigprod	57.047	56.612	435	52.463	50.408	2.055
Overføringer til andre	35.106	28.603	6.503	50.925	37.793	13.132
Finansieringsutgifter	37.541	61.418	-23.877	15.206	40.954	-25.748
Sum utgifter	439.014	461.766	-22.752	425.799	438.520	-12.721
Salsinntekter	-46.695	-49.879	3.184	-44.745	-51.476	6.731
Refusjonar	-29.495	-25.015	-4.480	-25.854	-32.921	7.067
Overføringer frå andre	-364.229	-355.493	-8.736	-356.623	-341.193	-15.430
Finansieringsinntekter	-9.595	-34.801	25.206	-7.613	-24.575	16.962
Sum inntekter	-450.014	-465.189	15.175	-434.836	-450.166	15.330
Mindreforbruk(-) / Meirforbruk (+)	-10.999	-3.423	-7.567	-9.037	-11.646	2.609

Både inntekter og utgifter har ein tendens til å bli utgiftsført på ulike tidspunkt frå eit år til eit anna. Dei 2 faktorane som oftast er i ubalanse er bruk av RDA midlar og finansinntektene og finansutgiftene (avdraga).

Av tabellen over ser eit at lønskostnadane har auka med 2,22% (nær 5,6 mill kr) sett i høve til 31.08.2015. Det er ein lavare vekst enn lønsauken (lagt inn med 2,7% i budsjett 2016) og syner at kommuna har hatt ein del stillingar vakante hittil i 2016.

Alle til i 1.000 kr	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Endring	Brukt i % av
	2016	2016		2015	2015		2016-2015	Tot budsj 2016
Politisk leiing	2.320	2.175	145	2.703	2.686	17	-383	64,88
Adm. Leiing	1.634	2.164	-530	3.486	2.581	904	-1.852	40,95
Serviceforretning	1.331	2.143	-812	1.866	2.094	-228	-535	31,80
Fellessekretariatet	1.293	1.334	-40	1.610	1.422	187	-317	44,17
Økonomiavdelinga	3.313	3.522	-209	3.467	3.597	-130	-154	51,94
Personal- og org. avd	4.596	4.696	-100	6.124	5.201	924	-1.528	57,39
IKT avdelinga	4.370	3.865	505	2.680	3.389	-709	1.690	67,79
Overføringer	8.904	8.284	620	884	6.149	-5.265	8.020	59,78
Barnehageavdelinga	44.304	47.511	-3.207	43.681	42.217	1.464	623	64,48
Skuleavdelinga	68.901	70.090	-1.189	69.910	68.892	1.018	-1.009	54,21
Avd Barn, Familie og Helse	24.886	25.264	-378	23.958	24.707	-748	147	55,28
Pleie- og omsorgsavd	69.366	68.035	1.330	66.873	67.209	-336	2.493	53,54
Bu- og habiliteringsavd	24.105	24.757	-651	22.946	23.988	-1.042	1.159	52,44
Sosial og Flyktning (NAV)	6.742	5.940	802	6.985	6.214	771	-243	59,39
Kulturavdelinga	5.047	5.583	-536	5.224	5.445	-220	-177	47,18
Utviklingsavdelinga	129	4.129	-4.000	4.352	3.639	713	-4.223	
Anleggs- og driftsavd.	13.826	12.382	1.444	12.743	10.099	2.644	1.083	73,62

Eigedomsavdelinga	10.772	13.043	-2.271	13.911	11.252	2.658	-3.139	42,71
Samhandlingsreforma	-2.912	-7	-2.905	-906	-6	-900	-2.006	
Skatt, ramme, finans etc	-303.927	-308.333	4.384	-301.534	-302.421	887	-2.393	65,59
SUM	-10.998	-3.423	-7.575	-11.796	-11.646	-150	798	

For 2016 er tilskotet frå sysselsetjingsmidlane inntektsført på Utviklingsavdelinga og Eigedomsavdelinga, medan kostnadane så langt har vore små. Det gjer at Utviklingsavdelinga har fått tilført sitt budsjett om lag 2,87 mill kr medan Eigedomsavdelinga har fått tilført sitt budsjett om lag 1,89 mill kr. Dette skal brukast opp innan utgangen av 2016.

Når det gjeld avdragskostnadar er vi på etterskot med betalinga av desse sett i høve til budsjettet. Her skulle utgiftene reelt sett vore mellom 6,0 og 7,0 mill kr høgare enn det ein har rekneskapsført så langt i året. Det skuldast at vi har mange avdragsfrie lån, der budsjetterte avdrag vert betalt inn ein gong per år.

Vurdering og konklusjon:

Det negative med rapporten er at

- utgiftene til sosialhjelp også i 2016 ser ut til å bli mykje høgare enn budsjettert – kanskje meir enn dobbelt så høgt som ein har budsjettert med – 3,0 mill kr. Her har ein nok budsjettert med for lave tal sidan 2012.
- Brannvern har hatt mange på obligatoriske kurs i år og utgiftene på dette feltet er stadig aukande. I 2016 kan meirforbruket passere kr 500.000,- her.
- Skatteinntektene vert mest sannsynleg lavare enn budsjettet men at ein del av dette vert kompensert med høgare rammetilskott
- Renteinntektene vert lavare enn budsjettert
- Avkastninga på midlane vi har til aktiv forvaltning kan bli lavare enn budsjettert, men det er lenge igjen av året og på dette området kjem endringane raskt.

Det positive er at dei fleste avdelingane synest å ha kontroll med eiga drift, men tilbakemeldingane frå avdelingane tyder ikkje på at mange av dei vil få større mindreforbruk i 2016 slik tilfellet var i 2014 og 2015. Likevel tyder tilbakemeldingane på at områda/avdelingane samla sett får eit mindreforbruk også i 2016 trass i at dei er pålagt eit innsparingskrav.

Basert på tilbakemeldingane er situasjonen slik (mindreforbruk):

Økonomiavdelinga og Servicetorget, mindreforbruk	kr 1.300.000,-
Administrativ leiing, mindreforbruk på om lag	kr 1.000.000,-
Samhandlingsreforma (om ein ikkje set det av til fonds)	kr 3.000.000,-

Meirforbruk:

Politisk leiing	kr 150.000,-
Sosial	kr 3.000.000,-
Brannvern	kr 500.000,-

Sum, mindreforbruk i avdelingane på omlag kr 1.650.000,-

I tillegg seier leiarane i barnehageavdelinga og skuleavdelinga at dei vil gå med eit mindreforbruk i 2016 utan at dei på det noverande tidspunkt kan talfeste det. Basert på tilbakemeldingar frå områda/avdelingane er den beste kvalifiserte prognosa eit

mindreforbruk som er større enn den rammeinnsparinga som no er budsjettert på område 90 og som er på 2,11 mill kr.

Slik rådmannen ser det resultatet frå skatt/ramme og finans som vil avgjere årets resultat. Pensjonsutgiftene vil vere «The dark horse» og til saman vil desse tre faktorane avgjere om ein kjem ut med eit meir- eller mindreforbruk i 2016.

Konsekvensar for drift:

- Kommunen har hatt sterkt fokus på innsparingar over tid. For nokre avdelingar kan et resultere i at belastninga på dei tilsette aukar og at resultatet v det ver meir sjukmeldingar og lavare kvalitet på tenestene.

Konsekvensar for økonomi:

- Økonomien er stram, men avdelingane klarer å halde rammene sine. Dei statlege overføringane minkar ved bl.a. at staten/fylkesmannen trappar ned tilskotet vi fekk pga høgare arbeidsgjevaravgift (10 mill kr over 5 år). Reduksjonen frå 2015 til 2016 er på om lag 2,0 mill kr. Dette «kuttet» gjer at Herøy kommune har lavare vekst i frie inntekter enn dei fleste andre av kommunane i Møre og Romsdal.

Fosnavåg, 30.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Kommentar fra Rådmann

Ein kan ikkje sjå dei store endringane frå sist rapportering og fram til rapporteringa per 31.08.2016. Ein ser at rammeinnsparinga ført på område 90 - kr 2.110.000,- omlag tilsvarar dei innsparingane Adm leiing (ass rådmann) og Servicetorget har spart inn på grunn av vakante stillingar. Vidare vil ein truleg få ein meirkostnad knytt til sosialhjelp på omlag kr 3.000.000,-. Dette kan kompensast med tilskott vi har fått frå fylkesmannen/Helse Midt/Fylkesmannen som gjeld Øyeblikkeleg hjelp funksjonen. Vi fekk i 2016 utbetalt ein sum som galdt 2013, 2014 og 2015 på omlag 1,0 mill per år. Det som då vil avgjere årets resultat er om innsparingane i dei andre avdelingane vil tilsvare den mindreinntekta det ser ut til at vi vil få på skatt/ramme i 2016 sett i høve til det vi har budsjettert med. Per i dag er det snakk om ein differanse på omlag kr 3.000.000,-. Uansett går vi i mot ein spennande innsput på 2016 når det gjeld det endelege rekneskapsresultatet for 2016.

Folkevalde

Det kan sjå ut som det går mot eit meirforbruk på dette ansvaret på ca 150.000 kr pga av meirforbruk på kontoane for abonnement og annonser.

Administrativ leiing

Adm leiing vil i 2016 gå mot eit mindreforbruk på om lag 1,0 mill. kr.

Servicetorget

Ei stilling har vore vakant i heile 2016. I tillegg har ein person hatt permisjon våren 2016 og sluttar 01.10.2016. Ny person tek til i stillinga 01.12 og det vert ikkje tatt inn vikar desse to månadane.

Det er positivt avvik på salsinntekter. Om dette vil vedvare ut året er vanskeleg å sei.

Med bakgrunn i dette vil resultatet i avdelinga vere eit mindreforbruk på 1-1,2 millionar for 2016.

Fellessekretariatet

Det er ikkje forventa eit vesentleg avvik på dette ansvaret i 2016.

Økonomiavdeling

Avdelinga vil vere fullt bemanna frå 01.10.2016. Innsparinga hittil er på kr 200.000,- og vi voner på at mindreforbruket i 2016 vil vere på omlag den summen.

Personal- og organisasjonsavdelinga

For ansvar 1262 Hovudtillitvalde er det i fylgje rekneskapen eit lite meirforbruk. I realiteten er det ikkje slik, då vi vantar refusjon frå Pleie- og omsorg. Refusjonskravet vil verte betalt i løpet av kort tid.

Det er eit tilsynelatande meirforbruk 1265 Felleskostander. Dette skuldast at differanse mellom rekneskap periodisering på somme kontoar som a) gruppe- og yrkesskadeforsikring og b) konsulenttenester.

Prognose for 2016 er at Personal- og organisasjonsavdelinga med sine ansvar vil gå i ballanse.

Informasjonsteknologi

Til trass for at det ligg inne eit alvorleg avvik på -8,36%, er det ikkje grunn til å tru at det skal verte eit vesentleg avvik på dette ansvaret ved årets slutt. Avviket skuldast hovudsakleg at vi betalar for leasing på 3 kopimaskiner som vi fakturerer avdelingane for mot slutten av året. Beløpet for leasing på desse 3 maskinene utgjer omlag 75 000,-

Inntekter frå driftsavtaler med Herøy kyrkjelege fellesråd og legekantora vert også fakturert årleg i november/desember.

Overføringar

Dette er eit vanskeleg område og budsjettere. Grunnen til dette er at det inneheld nær 20 ulike ansvarsområder. Samtlege gjeld betaling til andre kommunar eller overføringar vi har til kommunale verksemdar i tillegg til andre overføringar.

Vi kan her nemne overføringar til Herøy kyrkjelege fellesråd, Søre Sunnmøre landbrukskontor, Søre Sunnmøre kommunerevisjon, Vest kontroll IKS, Kommunenes sentralforbund, KS sitt OU fond, Krisesenter/overgrepsmottak/SMISO, interkommunal innkjøpsordning, interkommunal arbeidsgjevarkontroll Interkommunalt Arkiv, VTA ordningane (Furene og Ulshav), RDA, Næringsfond med meir.

I dag veit vi at vi har for lave budsjetterte kostnader knytt til landbrukskontoret (kr 80.000,-), VTA tiltaka (kr 40.000,-) og krisesenter/overgrepsmottak/SMISO (kr 250.000,-). Dei sistnemnde tiltaka kostar oss omlag kr 720.000,- per år.

Tilsaman utgjør dette omlag kr 370.000,-. I tillegg kan budsjettet sprekke på fleire av dei andre ansvarsområda her også, men vi vel å vere optimistiske og voner at vi får nær samsvar mellom rekneskap og budsjett på dette området i 2016 - svaret kjenner vi nok ikkje før tidlegast i februar 2017.

Barnehagar

Rekneskapen viser eit positivt avvik som betyr at rekneskapsresultatet ved årsslutt mest sansynleg vil vise eit mindreforbruk.

Avviket skuldast litt høgare statlege overføringar enn budsjettert, høg refusjon sjukepengar, nøktern vikarbruk og noko lavare utbetaling av kommunalt tilskot.

Lønnsutbetalinga er kr. 233 000,- høgare enn budsjettert (vikarbruk) medan refusjon sjukelønn er kr. 1 117,-

Grunnskular,PPT,Kulturskulen m.m.

Netto 1,2 mill under budsjett pr.30.august 2016.

Brutto utgift: kr.388 over budsjett

Brutto inntekt: 1,6 mill over budsjett

Utgifter:

Lønn ligg 1 mill over budsjett. Dette er i hovudsak lønn til vikarar/midlertidig tilsette.

Må sjåast i samanheng med refusjon sjukelønn som ligg 500' over budsjett, samt øymerke statstilskot til m.a. tidleg innsats i skulen og til norskopplæring for flyktningar og asylsøkjjarar. Dette er midlar til lønn, dvs dei ordinære lønnsutgiftene ligg i realiteten lavt.

Kjøp av varer og tenester ligg 1,5 mill under budsjett. Halvparten av dette er skuleskyss, som vert fakturert seinare.

Inntekter:

Vi har hittil i år inntekter på 1,6 mill over budsjett. Dette er ein kombinasjon av refusjon sjukelønn og øymerke statstilskot til opplæring av flyktningar og asylsøkjjarar.

Prognose:

Vi forventar eit netto resultat under budsjett, med årsaker relatert til reduserte utgifter og meirinntekter.

Barn, familie og helse

Helseavdelinga har eit lite meirforbruk.. Bakgrunnen for dette er hovudsakeleg ei manglande oppdatering av tilskot ol. samstundes som utgiftane er komne. Utviklinga vil verte følgd nøye opp vidare. Ein tek sikte på at budsjettet for året skal gå i balanse.

Barneverntenesta har eit positivt avvik. Om dette vil vare ved resten av året er usikkert. Barnevernet arbeidar med saker som kan føre til store utgifter dersom det vert plassering utafor heimen. Det er og store behov for tiltak i heimane. Forbruket vert følgd nøye vidare.

Pleie og omsorgsavdelinga

Behovet i pleie- og omsorg er alltid svingande, og naturleg avgang og nye behov går hand i hand. PO vart skilt ut som eiga avdeling i 2009. Då var det samla talet på årsverk 145,7. I årsrapport 2015 var det meldt inn 142,98. Dette viser ei effektivisering av tenestene, samstundes som ein har takla utfordringane med samhandlingsreforma. Dette må ein ha med seg når ein skal vurdere endra behov framover.

Per i dag har vi ein positiv ubalanse på sjukeheim, medan det negative avviket kjem i heimetenestene. Frå hausten har vi ein auke i drift tilsvarende ein sum på 10, 5 årsverk, som ikkje er budsjettert. Veksten i behovet her går til nye ressurskrevjande brukarar med behov for 1/1 bemanning. Frå 2017 vil vi få vekst i statstilskot på grunn av denne veksten. Detaljande må takast med i budsjettarbeidet. Avvik på heimetenestene i negativ art, er openbar i 2016.

For at pleie- og omsorgsavdelinga skal kome i balanse samla sett, er vi avhengig av mindre press på sjukeheimen ut året, men samstundes nok aktivitet til at vi ikkje får svikt i budsjetterte vederlagsinntekter.

Bu- og habiliteringsavdelinga

Bu- og habiliteringsavdelinga har eit lite positivt avvik samla sett. Desse pengane vil gå til interne overføringar og som betaling til andre kommunar ved slutten av året. Per i dag ser det ut til å gå i balanse/ha eit lite positivt avvik samla sett også ved slutten av året.

Sosial og flyktning

Innanfor områda NAV, bustadsosial, flyktning og rus er det eit alvorleg avvik. dette er og tidlegare varsla. I hovudsak er dette grunna i forbruket av sosialhjelp. Det er ikkje forventa at det vil verte ei forbetring på dette området. Tvert imot kan ei auka arbeidsledigheit føre til ytterlegare utbetalingar. Sosialhjelpsbudsjettet har vore uendra dei siste åra trass i at forbruket her har vore langt høgare enn budsjettet. Ein kan her risikere å få kostnader som er meir enn 3,0 mill høgare enn budsjettet. Det arbeidast med ei politisk sak som som tek for seg sossialsatsane og vurderar ulike tiltak for å redusere utbetalingane generelt.

Kulturavdelinga

Rekneskapen pr. august 2016 viser eit netto forbruk på dei ulike tenesteyrmdråda på vel 56 % av samla nettoramme. På fleire tenesteyrmdråde står det att overføringar, tilskot, refusjonskrav. Prognosane for kulturavdelinga tyder på budsjettbalanse ved årsslutt.

Utviklingsavdelinga

Samla vurdering område 50 og 51:

Samla sett viser rekneskapen pr. 31.08.2016:

område 50 eit mindreforbruk på om lag 606 316.-
område 51 eit meirforbruk på om lag 1 415 637.-

Alt er basert på ei periodisering av utgifter og inntekter fordelt tilnærma likt pr. månad.

Oppsummering:

Totalsituasjonen er god og under kontroll.

Månadsrapporten gir likevel ikkje eit korrekt bilde for område 51 då :

*delar av interne føringar ikkje er gjennomført

Ein har kontroll på ressursbruken i avdelinga.

Samla sett vurderer ein det som realistisk å gå i balanse ved årsslutt for område 50 og 51. Utfordringane ligg til ansvar vegvedlikehald, idrett og hamn.

Eigedomsavdelinga

Eigedomsavdelinga totalt sett legg vi til grunn går i balanse ved regnskapsårets slutt. Men det er overforbruk innan ansvar 6022 - eller underbudsjettering om ein vil. Difor leiter vi no desperat etter midlar under andre delbudsjett i avdelinga for å sikre bygd drift midlar til å lukke dei bygningsmessige avvik som vert meldt inn fram til årsskiftet og som ikkje kan vente.

Ansvarsområde 6051 reinhald ligg godt ann i høve sitt budsjett og vi er spente på korleis resultatet er ved regnskapsslutt då vi i utgangspunktet har ei forventning om kostnadsreduksjon i samband med den omorganisering av reinhaldet som no pågår. Likeins vurderer vi framover også om planlagt vedlikehald skal settast på vent for å sikre løpande bygd drift midlar.

Samhandlingsreforma

Vi mottok omlag 3,0 mill kr frå Helse Møre og Romsdal/Fylkeskommunen i samband med Ø-Hjelps tilbodet vi etablerte for nokre år sidan.

Sjølve budsjettet under Ø-hjelps tenesta er i 2016 budsjettet i kr 0,- då samla utgifter på ansvarsområdet skulle finansierast ved hjelp av bunde fond. Det er difor sannsynleg at dette området leverer eit positivt

resultat på 3,0 mill kr.

Skatt, ramme, finans, tilskot

Ikkje mykje nytt å fortelje i høve siste månadsrapport. Utviklinga i skatteinntektene er brukbare sett i høve til 2015, men veksten er lavare enn budsjettert. Slik det ser ut i dag vil vi få samla skatteinntekter i 2016 på omlag 259,0 mill kr mot budsjettert 265,5 mill kr - dvs ein "svikt" i høve til budsjettet på 7,5 mill kr. Dersom skatteveksten i Norge blir høgare enn det den har vore for Herøy kommune sin del får vi kompensert 60% av skattesvikten gjennom høgare rammeoverføringar. I dette tilfellet vil veksten her utgjere omlag 4,2 mill kr i høve til budsjettet slik at svikt i skatt og ramme ser ut til å bli på totalt 3,3 mill kr.

Det andre punktet vi ikkje klarer å dekke inn er sentralt innsparingskrav på 2,1 mill kr. Dette er tatt ut i avdelingane som t.d. Adm leing og servicetorget som har stillingar vakante gjennom heile 2016.

Det tredje punktet som er verdt å nemne er pensjonsavvik og amortisering av pensjonsavvik. Totalt for 2016 har vi budsjettert med ei "inntekt" her på omlag 14,9 mill kr inkl arbeidsgjevaravgift. Totalt har vi budsjettert med 89,3 mill kr i sosiale kostnader i 2016. I 2015 vart det rekneskapsført slike kostnader på 81,3 mill kr. Pensjonskostnadane i 2016 vil bli ein del høgare enn i 2015, men totalt sett meiner vi å ha sett av nok midlar til dette. Spørsmålet er om pensjonsavviket og amortiseringa av tidlegare års premieavvik vil utgjere den summen vi har budsjettert med under område 90 eller om det vil resultere i lavare kostnader på driftsområda enn vi har budsjettert med.

På dei andre postane på dette området trur vi ikkje det blir veldig store forskjellar mellom budsjett og rekneskap.

Det vil seie at vi vil få ei mindreinntekt/meirkostnad her på omlag 5,3 mill kr sett at vi treff med pensjonsberekningane.

Beskrivelse	Rekneska p i fjord pr.dato	Rekneska p hittil i år	Rev. budsjett hiå	Avvik hiå	Forv. avvik 31.1 2	Rev. årsbudsjet t	Forventet årsresulta t	Forbruk i %
Sum totalt	6	-11 659	-3 403	8 255	0	-7 523	-7 523	154,96
Utgifter	6	437 774	461 745	23 971	0	690 712	690 712	63,38
Løn inkl. sosiale utgifter	0	259 728	264 755	5 027	0	397 184	397 184	65,39
Kjøp av varer og tenester	0	105 533	106 969	1 436	0	158 461	158 461	66,60
Overføringar og andre utgifter	6	72 513	90 021	17 508	0	135 067	135 067	53,69
Inntekter	0	-449 433	465 149	15 716	0	-698 236	-698 236	64,37
Salsinntekter	0	-46 219	-49 879	-3 660	0	-79 146	-79 146	58,40
Refusjon sjukeløn	0	-11 390	-1 866	9 524	0	-2 800	-2 800	406,79
Andre refusjonar og tilskot	0	-391 824	-413 404	-21 580	0	-616 290	-616 290	63,58
I alt	6	-11 659	-3 403	8 256	0	-7 523	-7 523	154,98

Møtebehandling:

Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål. Ho er medlem av styret i Herøy Vasslag SA og har vore med og handsama saka der.

Ho går frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend inhabil etter KL § 40 FVL §6 2. ledd.

Arbeiderpartiet kom med framlegg om tillegg av slikt pkt. 5:

I dei vasslaga der Herøy kommune er andelseigar skal kommunen ha ein eller fleire styreplassar.

Høgre og Frp kom med framlegg om slik endring av pkt. 4: «kommunalt» vert stroke.

Det vart røysta slik:

Endring pkt. 4 – vedteke mot 3 røyster.

Pkt. 1-3 i tilrådinga – samrøystes vedtekne.

Nytt pkt. 5 – Fall mot 5 røyster – ein røysta blankt.

Tilråding i Formannskapet - 18.10.2016

1. Kommunestyret tek til vitande vassverka si haldning til arbeidet med sikte på samanslåing av vassverka i kommunen til eitt vassverk.
2. Administrasjonen får i oppdrag å følgje opp vassverka slik at kommunen oppfyller det overordna ansvaret sitt for vassforsyninga i følgje lovverket.
3. Alle nye garantisaker skal vurderast opp mot evt. omstrukturering og/eller samanslåing/fusjonering med andre vassverk.
4. Administrasjonen får i oppdrag å gå i drøftingar med vassverka med sikte på etablering av eitt samla vassverk seinast innan 2020.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Utviklingsavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	JRV	Arkivsaknr:	2014/467
		Arkiv:	M11

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
218/16	Formannskapet	18.10.2016
166/16	Kommunestyret	27.10.2016

HOVUDPLAN VASSFORSYNING HERØY KOMMUNE - PROSESS MED SIKTE PÅ SAMANSLÅING AV VASSVERK

Tilråding:

1. Kommunestyret tek til vitande vassverka si haldning til arbeidet med sikte på samanslåing av vassverka i kommunen til eitt vassverk.
2. Administrasjonen får i oppdrag å følgje opp vassverka slik at kommunen oppfyller det overordna ansvaret sitt for vassforsyninga i følgje lovverket.
3. Alle nye garantisaker skal vurderast opp mot evt. omstrukturering og/eller samanslåing/fusjonering med andre vassverk.
4. Administrasjonen får i oppdrag å gå i drøftingar med vassverka med sikte på etablering av eitt samla kommunalt vassverk seinast innan 2020.

Særutskrift:

- Utviklingsavdelinga, her
- Herøy Vasslag SA, Kvithaugsmyra 71, 6092 Fosnavåg
- Stemmedal Vasslag SA, v/Arild Moldskred, 6070 Tjørvåg
- Moltustranda Vassverk SA, v/Fred Hansen, 6076 Moltustranda
- Nerlandsøy Vasslag SA, v/Aksel Kvalsvik, 6098 Nerlandsøy
- Kvalsvikøy Vassverk SA, v/Trond Kvalsvik, 6098 Nerlandsøy
- Runde Vassverk BA, v/Rocco Torstein Schwalm, 6096 Runde

Vedlegg

- Kopi av oppsummering frå møte 8. juni 2016 med vassverka om det vidare arbeidet med «Hovudplan vassforsyning i Herøy kommune»
- Saksprotokoll frå K-sak 130/16 av 25.08.2016
- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg

Bakgrunn:

Ved handsaming av Hovudplan vassforsyning i K-sak 83/15 i møte 25.06.15 gjorde Kommunestyret slikt vedtak:

1. **Herøy kommunestyre vedtek at Hovudplan vassforsyning, sist revidert 04.06.2015, skal leggest til grunn for den vidare utviklinga av vassforsyninga i kommunen. Med tilvising til hovudplanen og konklusjonane i denne ber kommunestyret om at det i samråd med vasslaga/-verka vert igangsett ein prosess med sikte på å førebu samanslåing av dagens private vasslag/verk til eit samla vassverk. Det bør vere eit mål at eit nytt vassverk er etablert og i drift seinast innan 2020.**
2. **Samanslåing av vassverka må vere tufta på frivilligheit, og kvart enkelt vassverk må stå fritt om dei vil gå inn i eit samla vassverk**

Med bakgrunn i dette vedtaket vart det den 8. juni 2016 halde møte med alle vassverka. Sjå vedlagt kopi av oppsummering frå møtet.

I etterkant av dette vart det ved handsaming av sak vedkomande utvida lånegaranti til Stemmedal Vasslag SA, sjå vedlagt K-sak 130/16 av 25.08.2016, under punkt 5 vedteke at. Sitat: **«Ein ynskjer samanslåing av vassverka i kommunen. Garantien vert gitt under føresetnad av at Stemmedalen Vasslag SA er positiv til ei omstrukturering av vassforsyninga i kommunen og som eit steg på vegen, herunder også fusjon/samanslåing med eitt eller fleire eksisterande vassverk.»**

Med bakgrunn i vedtaka i dei to K-sakene ovanfor omhandlar denne saka korleis administrasjonen ser på det vidare arbeidet med «Hovudplan vassforsyning»

Saksopplysningar:

Som det framgår av vedlagt oppsummering frå møte med vasslaga den 8. juni 2016 er det berre Stemmedal Vasslag SA og Kvalsvikøy Vassverk SA som går inn for eit samla kommunalt vassverk. Dei andre vassverka går inn for å halde fram som sjølvstendige vassverk.

Fleire av vassverka har signalisert at dei har store utfordringar med drift, vedlikehald og naudsynte investeringar og at desse utfordringane berre vil auke på i tida frametter.

Pr. 31.12.2015 hadde kommunen eit samla garantiansvar på 57.502.268 kroner til dei to største vasslaga.

Kommunen er i fleire av vassverka største andelseigar, men har ikkje nokon styreplass.

Ved evt. kommunesamanslåing med Sande kommune har Sande kommunalt vassverk. Det vil vere utfordrande å evt. ha både kommunalt og privat vassverk.

Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg og eigarskap

Eigarskapsspørsmålet til vass- og avløpsanlegg vart første gang drøfta i «NOU 2006: 6 Når sikkerheten er viktigst». Eit einstemmig utval tilrådde å lovregulere det offentlege eigarskapet til vass- og avløpsanlegg ut frå omsynet til tryggleik og beredskap.

Forslagsstillerane meinte at berre det offentlege, som er uavhengig av investeringshorisont, har kapasitet og investeringskraft til å ivareta eit heilskapleg forvaltningsperspektiv på vass- og avløpssektoren.

Av Prop. 136L (2010-2011) Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg framgår det av proposisjonens hovudinnhald at.

Sitat:

«Ved behandlingen av dokument 8:91 (2006-2007) vedtok Stortinget å be Regjeringen om å legge fram forslag om endring av eksisterende lovverk som sikrer at vann- og avløpsinfrastrukturen forblir heleid av det offentlige. Lovgivningen skal gjøre unntak fra kravet om offentlig eie for de vann- og avløpsvirksomheter som i dag er organisert som ikke-kommersielle private andelslag eid av abonnentene, slik at dagens eierorganisering for disse kan videreføres.»

Ny lov om kommunale vass- og avløpsanlegg vart sett i kraft den 1. juli 2012 (Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 16. mars 2012 nr. 12) denne ligg vedlagt. Lovas formål og hovudregel tilseier at vass- og avløpsanlegg skal være i kommunal eige. Dette gjeld ved nyetableringar, utviding og samanslåing av eksisterande anlegg samt ved sal av eksisterande anlegg. Kommunen kan i særlege tilfelle tillate privat eige, men i så fall skal anlegget organiserast som eit andelslag eigd av brukarane.

Lovas hovudregel fastslår i § 1 at nye vass- og avløpsanlegg skal være eigd av kommunar. Vidare går det fram av lova at eksisterande vass- og avløpsanlegg berre kan seljast eller på annen måte overdragast, til kommunar. Samanslåing eller vesentleg utviding av eksisterande anlegg krev løyve frå kommunen. Vass- og avløpsanlegg i denne samanheng betyr hovudleidningar for vatn og avløp, pumpestasjonar, høgdebasseng og anlegg for handtering og reinsing av vatn og avløp mv.

Om dei fysiske og juridiske grensene for det kommunale eigarskapet står det i Prop. 136L at «de fysiske og juridiske grensene for det kommunale eierskapet er foreslått avgrenset mot råvannskilde og mot det private stikkledningsnett».

Lova gjer unntak for mindre vass- og avløpsanlegg. Dvs. separate anlegg som har mindre enn 50 pe (personequivallentar), evt. mindre enn 20 husstandar/hytter eller mindre enn 50 personar eller tilsvarande. Dersom eit eksisterande anlegg vert utvida slik at det ikkje lenger fell inn under definisjonen av mindre anlegg, må det søkjast løyve frå kommunen til utviding etter § 2 i lova.

Det er gjort unntak frå hovudregelen om kommunalt eigarskap av vass- og avløpsanlegg i lovas § 2. Første ledd i paragrafen gir kommunen høve til etter søknad, å tillate samanslåing eller vesentleg utviding av eksisterande private vass- og avløpsanlegg eller til etablering av nytt anlegg dersom. Sitat:

- *det private anlegget ligger så langt fra kommunalt vann- og avløpsanlegg at kommunen ikke kan kreve at boenhetene som det private anlegget tjener eller skal tjene skal knyttes til det kommunale anlegget med hjemmel i plan- og bygningsloven § 27-1 og § 27-2, eller*
- *kostnadene ved å knytte seg til det kommunale anlegget vil være uforholdsmessig store eller andre særlige hensyn taler for det.*

Det følgjer likevel av andre ledd i paragrafen at slike anlegg som nemnt ovanfor, altså anlegg som vert godtekne unnateke frå kommunalt eigarskap, skal organiserast som

andelslag eigd av brukarane. Aksjeselskap, kommandittselskap, ansvarlige selskap mv. kan altså ikkje ha eigarskap.

Grunnen til at nye anlegg skal etablerast som andelslag, er at eigarane av slike andelslag i dei fleste tilfelle vil ha ei eigeninteresse i å sikre kvalitet, tryggleik og langsiktigheit slik at tenenesta blir ivareteken. Dei vil også normalt unngå å ta ut utbytte fordi det vil medføre ei tilsvarende auke i vass- og avløpsgebyra som dei som brukarar sjølve må betale. Når det gjeld kommunen sitt høve til å stille særlege vilkår i løyvet, kan det for eksempel vere aktuelt å stille vilkår om drift i samsvar med sjølvkostprinsippet.

Vurderingar/konklusjon:

Frå kommunen si side bør det gjennomførast nye drøftingar med vasslaga med sikte på samanslåing til eitt vassverk.

Vassverka si negative innstilling til samanslåing vurderer rådmannen som lite tenleg i eit større perspektiv. Kommunen har det overordna ansvaret for vassforsyninga og må tenke på heilskapen med omsyn til sikker og forsvarleg vassforsyning uavhengig av det einskilde vassverket si innstilling i dag. Manglande og ikkje tilfredsstillande vassforsyning inneber ein tryggleiksrisiko som kan hemme utvikling og vekst i kommunen.

Vass- og avlaupsanlegg høyrer saman og ein vil ved samling av ansvaret oppnå gevinstar m.a. i tilknytning til

- likt lovverk
- planlegging
- utbygging
- drift- og vedlikehald
- teknisk vakt
- like avgiftssatsar etter sjølvkostprinsippet
- finansiering og økonomi

Med bakgrunn i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg bør den endelege målsettinga for kommunen vere eit samla kommunalt vassverk. Om ein på vegen mot dette målet skal gå om ei samanslåing til eitt samla privat vassverk vert ei vurderingssak, men vert vurdert av rådmannen som lite tenleg i eit større perspektiv.

Ved evt. etablering av eit samla kommunalt vassverk bør dette kunne gjerast ved at vassverka vert overdregne til kommunen utan noko økonomisk oppgjer. Tilsette i vassverka må då verte ein del av den drifts- og vedlikehaldsorganisasjonen som kommunen har i dag.

Stemmedal Vasslag SA skal i følge punkt 5 i K-sak 130/16 omstrukturerast og/eller samanslåast/fusjonere med eitt eller fleire eksisterande vassverk. Evt. samanslåing/fusjonering må det iflg. Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg gjevast løyve til frå kommunen.

Alle nye garantisaker må vurderast opp mot evt. omstrukturering og/eller samanslåing/fusjonering med andre vassverk.

Samanslåing av vassverka i kommunen eller omorganisering til eitt kommunalt vassverk vil uansett måtte ta noko tid. I vedteken «Hovudplan vassforsyning» er det sett ei målsetting om eitt vassverk i kommunen innan 2020 utan at ein har teke standpunkt til organisasjonsform, privat eller kommunalt. Ein ser det som naturleg at kommunen, som største andelseigar og garantist i fleire av vassverka og så lenge ein har dagens organisasjonsform, bør krevje å få fast plass i vassverkstyra. Kommunen bør også legge fram for vassverkstyra forslag om omorganisering av vassverka.

Kommunen har som det framgår det overordna ansvaret for vassforsyninga og må uansett organisasjonsform skjøtte dette ansvaret på ein fullt ut tilfredsstillande måte. Dette inneber at ein frå kommunen si side vil måtte følgje opp vassverka tettare og stille krav til dokumentasjon av dagens vassforsyning og vidare utbygging på ein heilt annan måte enn tilfellet har vore til no. Dette vil m.a. måtte medføre at vassverka må legg fram oppdatert dokumentasjon på

- at vasskvaliteten oppfyller gjeldande krav
- forsyningskapasitet
- branndekning innafor sitt forsyningsområde
- beredskapsplan ved uønska hendingar som m.a. forureining av vasskjelde og brot i vassforsyninga
- tilfredsstillande driftskontroll og driftsorganisasjon
- tidfesta plan for evt. naudsynt oppgradering
- vidare utvikling og utbygging med bakgrunn i gjeldande arealdel til kommuneplanen og kommunen sine øvrige prioriteringar
- berekraftig økonomi
- rapportering til kommunen ved uønska hendingar/endringar i organisering m.m.

Som det framgår av forarbeidet til lovteksta i Prop. 136L og lovteksta i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg er det frå sentralt hald lagt svært sterke føringar på at vass- og avløpsanlegg over ein viss storleik skal vere i kommunal eige. Med bakgrunn i at slike anlegg kan vere sårbare og at svikt kan få alvorlege tryggleiks-, beredskaps- og folkehelsemessige konsekvensar vil rådmannen tilrå at ein følgjer dei sentrale føringane. Dvs. at ein innan 2020 får etablert eitt samla kommunalt vassverk for heile kommunen.

Med bakgrunn i K-sak 83/15, tilbakemeldingane frå vassverka, K-sak 130/16, saksutgreiinga ovanfor og etter ei samla vurdering vil rådmannen tilrå at


1. Kommunestyret tek til vitande vassverka si haldning til arbeidet med sikte på samanslåing av vassverka i kommunen til eitt vassverk.
2. Administrasjonen får i oppdrag å følgje opp vassverka slik at kommunen oppfyller det overordna ansvaret sitt for vassforsyninga i følgje lovverket.
3. Alle nye garantisker skal vurderast opp mot evt. omstrukturering og/eller samanslåing/fusjonering med andre vassverk.
4. Administrasjonen får i oppdrag å gå i drøftingar med vassverka med sikte på etablering av eitt samla kommunalt vassverk seinast innan 2020.

Fosnavåg, 26.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Jarl Martin Møller
Avd.leiar

Sakshandsamar: Jon Rune Våge



Herøy Vasslag SA

Kvithaugsmyra 71
6092 FOSNAVÅG

Saksnr
2014/467

Arkiv
M11

Dykkar ref

Avd /sakshandsamar
UTV / JRV

Dato
08.07.2016

OPPSUMMERING FRÅ MØTE MED VASSVERKA OM DET VIDARE ARBEIDET MED HOVUDPLAN VASSFORSYNING I HERØY KOMMUNE

Bakgrunn:

Ved handsaming av Hovudplan vassforsyning i K-sak 83/15 i møte 25.06.15 gjorde Kommunestyret slikt vedtak:

1. Herøy kommunestyre vedtek at Hovudplan vassforsyning, sist revidert 04.06.2015, skal leggst til grunn for den vidare utviklinga av vassforsyninga i kommunen. Med tilvising til hovudplanen og konklusjonane i denne ber kommunestyret om at det i samråd med vasslaga/-verka vert igangsett ein prosess med sikte på å førebu samanslåing av dagens private vasslag/verk til eit samla vassverk. Det bør vere eit mål at eit nytt vassverk er etablert og i drift seinast innan 2020.
2. Samanslåing av vassverka må vere tufta på frivilligheit, og kvart enkelt vassverk må stå fritt om dei vil gå inn i eit samla vassverk

Med bakgrunn i dette vedtaket vart det den 8. juni 2016 halde møte med alle vassverka i kommunen for å få avklart korleis vasslaga stiller seg til

- a) Å gå inn i eit samla vassverk
- b) Organisering som kommunalt eller privat vassverk

Saksopplysningar:

Følgjande møtte frå vassverka:

Vasslag	Representert ved
Stemmedal Vasslag SA	Arild Moldskred
Moltustranda Vassverk SA	Fred Hansen
Kvalsvikøy Vassverk SA	Steffen Rødseth

	Hans Kvalsvik
Nerlandsøy Vasslag SA	Aksel Kvalsvik
Herøy Vasslag SA	Ragnvald Kvalsvik Per Arne Gjerdsbakk
Runde Vasslag SA	Hans Jakob Runde Rocco Torstein Schwalm

Frå kommuneadministrasjonen møtte:

- Jarl Martin Møller, Utviklingsleiar
- Jon Rune Våge, ingeniør

Vassverka uttalte følgjande vedkomande spørsmåla om å inngå i eit samla vassverk og organisasjonsform:

Vasslag	Uttale
Stemmedal Vasslag SA	• Ønskjer å inngå i eit samla kommunalt vassverk
Moltustranda Vassverk SA	• Vil stå for seg sjølv • Opne for samarbeid om drift
Kvalsvikøy Vassverk SA	• Ønskjer å inngå i eit samla kommunalt vassverk
Nerlandsøy Vasslag SA	• Vil stå for seg sjølv • Har samarbeid med Herøy Vasslag SA og vil halde fram med det
Herøy Vasslag SA	• Ei evt. samling til eitt vassverk bør vere ein naturleg prosess etter dei mindre vasslaga sine behov og interesser
Runde Vasslag SA	• Tenkjer å drive vidare som • Vil ikkje gå inn i eit samla vassverk uansett om det vert privat eller kommunalt

Oppsummering:

Som det framgår ovanfor er det berre Stemmedal Vasslag SA og Kvalsvikøy Vassverk SA som går inn for eit samla kommunalt vassverk. Dei andre vassverka vil gå inn for å halde fram som sjølvstendige vassverk eller evt. slå seg saman med dei andre private vassverka.

Vidare arbeid:

Med bakgrunn i tilbakemeldinga frå vasslaga vil administrasjonen legge fram ei sak for politisk handsaming hausten 2016.

Med helsing

Jarl Martin Møller
Avdelingsleiar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

Stemmedal Vasslag SA v/Arild Moldskred
Moltustranda Vassverk SA v/Fred Hansen
Nerlandsøy Vasslag SA v/Aksel Kvalsvik
Kvalsvikøy Vassverk SA v/Trond Kvalsvik
Runde Vassverk SA v/Rocco Torstein Schwalm

6070	TJØRVÅG
6076	MOLTUSTRANDA
6098	NERLANDSØY
6098	NERLANDSØY
6096	RUNDE



Økonomiavdelinga

SAKSPROTOKOLL

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2013/49
		Arkiv:	256

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
156/16	Formannskapet	16.08.2016
130/16	Kommunestyret	25.08.2016

SØKNAD OM UTVIDA GARANTI - STEMMEDEALEN VASSLAG SA

Tilråding:

1. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 32,04 mill kr som Stemmedalen Vassla SA tek opp i Kommunalbanken. Låneopptaket gjeld ei opplåning på inntil 5,0 mill kr i tillegg til dagens lån på 27,04 mill kr og skal nyttast til ytterlegare opprustning av lagets leidningsnett og reinseanlegg.
2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 32,04 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (32,04 mill kroner + 10 % - totalt 35,24 mill kr).
3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 31 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 16.08.2016

1. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 32,04 mill kr som Stemmedalen Vassla SA tek opp i Kommunalbanken. Låneopptaket gjeld ei opplåning på inntil 5,0 mill kr i tillegg til dagens lån på 27,04 mill kr og skal nyttast til ytterlegare opprustning av lagets leidningsnett og reinseanlegg.

2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 32,04 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (32,04 mill kroner + 10 % - totalt 35,24 mill kr).
3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 31 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Møtebehandling:

Høgre heldt gruppemøte.

Høgre kom med framlegg om slikt tilleggspkt. 5 i tilrådinga:

Ein ynskjer samanslåing av vassverka i kommunen.

Garantien vert gitt under føresetnad av at Stemmedalen Vasslag SA er positiv til ei omstrukturering av vassforsyninga i kommunen og som eit steg på vegen, herunder også fusjon/samanslåing med eitt eller fleire eksisterande vassverk.

Vedtak i Kommunestyret - 25.08.2016

1. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 32,04 mill kr som Stemmedalen Vassla SA tek opp i Kommunalbanken. Låneopptaket gjeld ei opplåning på inntil 5,0 mill kr i tillegg til dagens lån på 27,04 mill kr og skal nyttast til ytterlegare opprustning av lagets leidningsnett og reinseanlegg.
 2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 32,04 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (32,04 mill kroner + 10 % - totalt 35,24 mill kr).
 3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 31 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
 4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
 5. Ein ynskjer samanslåing av vassverka i kommunen.
Garantien vert gitt under føresetnad av at Stemmedalen Vasslag SA er positiv til ei omstrukturering av vassforsyninga i kommunen og som eit steg på vegen, herunder også fusjon/samanslåing med eitt eller fleire eksisterande vassverk.
-

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
 - Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
 - Vest kontrollutvaldsdistrikt,
 - Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde
-

Vedlegg:

- Stemmedalen Vasslag SA. Søknad om utvidet kommunal garanti til lån. (Ytterlegare vedlegg vil bli delt ut i formannskapsmøtet)

Saksopplysningar:

Stemmedalen Vasslag SA har søkt kommunen om ein ytterlegare auke av den kommunale lånegarantien med i overkant av 5,0 mill kr (til totalt 35,2 mill kr) i samband med ulike utbyggingar og utbetringar knytt til vasslaget sitt leidningsnett.

Stemmedalen Vasslag SA fekk i K-Sak 30/13 godkjent ein kommunal lånegaranti på 20,0 mill kr til utbetringar/utbyggingar av leidningsnettet samt til nytt renseanlegg. I K-sak 131/13 godkjente kommunestyret ein søknad om auke av den kommunale lånegarantien med 11,0 mill kr (til 31,0 mill kr).

No ynskjer vasslaget å gjere ytterlegare investeringar i leidningsnettet sitt. Det er snakk om å:

- Skifte ut eternittrør i Aurvågane til ein kostnad av 2,1 mill kr
- Oppgradere/utvide pumpestasjonen i Feirelia for 0,5 mill kr
- Etablere ny pumpestasjon i Kleppeåsen til ein kostnad av 0,3 mill kr
- Legge ny og betra leidning i sjøen til Hestholmen til ein kostnad på 1,5 mill kr
- Utvide vassbehandlingsanlegget til ein kostnad av 0,6 mill kr

Totalt er det snakk om nye investeringar på i alt 5,0 mill kr. Stemmedalen Vasslag har i dag ei gjeld på omlag 27,0 mill kr og ynskjer å auke denne med 5,0 mill kr til omlag 32,0 mill kr. Långjevaren (Kommunalbanken) krev at kommunen yter ein garanti tilsvarande lånesummen + 10%. Det vil seie ein lånegaranti på 35,2 mill kr.

Med ei nedbetalingstid på 30,3 år vil årlege avdrag utgjere omlag 1,076 mill kr. I tillegg kjem rentekostnadane som vil utgjere mellom 0,85 mill kr og 1,0 mill kr per år.

Kommunal lånegaranti

Kommunelova § 51 om "garantier og pantsetting for andres økonomiske forpliktelser" seier i pkt. 2:

"Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv".

I samband med denne paragrafen er det utarbeidd ei eiga forskrift med tittelen «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier». Denne forskrifta gjeld frå 03.01.2001.

I § 2 i forskrifta står det:

«Når en kommune eller fylkeskommune stiller garanti for tredjepersons økonomiske forpliktelse, kan kommunen/fylkeskommunen forplikte seg ved simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon».

Vedtaket om å stille garanti og garantiavtale/-erklæring skal alltid opplyse om garantiens levetid/varigheit. Dersom den er knytt til ei investering kan garantitida ikkje overstige levetida på investeringsobjektet. I denne saka er avdragstida tilpassa vekta gjennomsnittleg levetid for dei arbeida som er utført.

Garantien treng statleg godkjenning (i prinsippet Fylkesmannen) dersom den overstig kr. 500.000,-.

Stemmedalen Vasslag SA er ein privat aktør som leverer vatn til hushaldningar og bedrifter i området Sandvika-Leikong. Levering av vatn vert sett på som ei kommunal primæroppgåve og kommunane har eit ansvar for at sunt og godt vatn vert levert til alle i nok mengde. Lånet som vasslaget tek opp har ei vekta løpetid på 30,3 år slik at det stettar vilkåra i garantiforskrifta som seier at nedbetlingstida maksimalt kan vere på 40 år.

I dette tilfellet kan kommunen gi ein garanti fordi det gjeld ei primæroppgåve. I og med at slike tenester skal vere sjølvfinansierande betyr det at det er abonnentane som må bere dei auka kostnadane vasslaget får som følge av investeringane.

Dersom kommunen vel å gi garanti som omsøkt, må staten godkjenne vedtaket før det vert sett i verk.

Potensiell risiko ved å gi kommunal lånegaranti

Rådmannen ser at det vil medføre ein økonomisk risiko ved å yte ein kommunal lånegaranti på inntil 35,2 mill kr. Kommunen sitt «dilemma» er at vassforsyning er ei kommunal primæroppgåve og kommunen har eit ansvar for at vassforsyninga er tilfredsstillande.

Om det vert vedteke å yte ein garanti på inntil 35,2 mill kr i denne saka vil kommunens samla garantiansvar bli på om lag 129,0 mill kr (65,0 mill som gjeld vassverk, 51,2 mill (Sunnmørsbadet AS) og 11,5 mill på andre aktørar (barnehagar og idrettslag).

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Godt og reint vatn er utan tvil positivt for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Med betre vassleidningar vert ein mindre sårbar ved t.d. brannar. Sikrare vasstilførsel er såleis eit pre for beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Ikkje noko spesielt førebels

Konsekvensar for økonomi:

Så lenge lånegarantien ikkje vert effektuert er ikkje konsekvensane for den kommunale økonomien dei største. Ein viss effekt vil ei slik utbygging uansett har på drifta då gebyra har auka mykje dei 2-3 siste åra og Herøy kommune har mange abonnement i Stemmedal Vasslag SA.

Fosnavåg, 05.08.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen



Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg

Dato	LOV-2012-03-16-12
Departement	Klima- og miljødepartementet
Sist endret	
Publisert	I 2012 hefte 4
Ikrafttredelse	01.07.2012
Endrer	LOV-1974-05-31-17
Kunngjort	16.03.2012 kl. 14.05
Korttittel	Vass- og avløpsanleggslova

Jf. tidlegare lov 31 mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter. - Sjå òg lover 13 mars 1981 nr. 6 kap. 2 til 4, 24 nov 2000 nr. 82 kap. 2 til 4 og 8, pbl. kap. 27.

§ 1. *Kommunalt eigarskap til vass- og avløpsanlegg*

Nye vass- og avløpsanlegg skal vere eigd av kommunar. Eksisterande vass- og avløpsanlegg kan berre seljast eller på annan måte overdragast til kommunar. Vesentleg utviding eller samanslåing av eksisterande private anlegg kan berre skje med løyve frå kommunen etter § 2.

I lova her er det med vass- og avløpsanlegg meint hovudleidningar for vatn og avløp, pumpestasjonar, høgdebasseng, anlegg for handtering og reinsing av vatn og avløp m.m.

Lova her gjeld ikkje for mindre vass- og avløpsanlegg.

Lova gjeld heller ikkje for vass- og avløpsanlegg eigd av anna offentleg organ eller for næringsverksemd o.l. som ikkje er knytt til kommunale anlegg.

§ 2. *Kommunalt løyve til privat vass- og avløpsanlegg*

Kommunen kan etter søknad gi løyve til samanslåing eller vesentleg utviding av eksisterande privat vass- og avløpsanlegg eller til etablering av nytt anlegg dersom

- det private anlegget ligg så langt frå kommunalt vass- og avløpsanlegg at kommunen ikkje kan krevje at busetnaden som det private anlegget tener eller skal tene skal knytast til det kommunale anlegget med heimel i plan- og bygningslova § 27-1 og § 27-2, eller
- kostnadene ved å knyte seg til det kommunale anlegget vil vere uhøveleg store eller andre særlege omsyn talar for det.

Nye anlegg etter første ledd skal organiserast som andelslag eigd av brukarane. Kommunen avgjer om det elles skal stillast særlege vilkår for løyvet.

Ved samanslåing eller vesentleg utviding av eksisterande anlegg avgjer kommunen om det skal stillast særlege vilkår for løyvet. Når særlege omsyn talar for det, kan kommunen krevje at anlegget skal organiserast som andelslag eigd av brukarane.

§ 3. *Kommunale vass- og avløpsgebyr*

Når ein fast eigedom har tilknytning til kommunal vass- eller avløpsleidning, anten beinveges eller gjennom privat samleidning, har eigaren skyldnad til å svare vass- og avløpsgebyr til kommunen. Det same gjeld når kommunen med heimel i plan- og

bygningslova §§ 27-1 eller 27-2 har kravd at eigedomen skal ha slik tilknytning. Gebyr kan krevjast jamvel av eigedom som det ikkje er hus på, når kommunen kunne kravd tilknytning til slike leidningar om det hadde vore hus på eigedomen. Er det ikkje bygd på eigedomen av di det, i lov eller i vedtak av offentlig styresmakt, er sett forbod mot bygging, kan det ikkje krevjast gebyr så lenge forbodet gjeld. Det same gjeld når byggjehindringa er annan serleg grunn som eigaren ikkje har ansvaret for.

Gebyr kan òg krevjast for eigedom som slepp ut avløpsvatn i vassdrag når kommunen legg vassdraget i lukka leidning.

Når ikkje anna er avtala, skal gebyr for bortfest grunn svarast av festaren og ikkje av eigaren, i fall festaren har arvefeste eller festerett for så lang tid at det er att minst 30 år av festetida rekna frå den tid gebyrskyldnaden kom opp. Det same gjeld når avtala gjev festaren rett til å krevja festetida lengd så mykje at det vert att ei festetid på minst 30 år som nemnt, om festaren gjer bruk av retten sin.

Kommunen kan ta bort alt eller noko av gebyret for eigedom som det ikkje er hus på.

§ 4. Ramma for kommunalt eigarskap til vass- og avløpsanlegg og hovudreglane for fastsetjing av vass- og avløpsgebyr

Gebyra skal vera eingongsgebyr for tilknytning og årlege gebyr.

Departementet fastset i forskrift ramma for gebyra og hovudreglane om utrekning og innkrevjing. Likeeins kan departementet fastsetje andre føresegner til gjennomføring av lova.

§ 5. Lokale forskrifter

Kommunen fastset i forskrift storleiken på gebyra i kommunen og gjev nærare reglar om gjennomføring av gebyrvedtaket og innkrevjing av gebyra.

§ 6. Lovpant og tvangsgrunnlag for utlegg

Forfalt krav på årsgebyr etter denne lova er sikra med lovpant i eigedomen etter pantelova § 6-1. Både årsgebyr og eingongsgebyr for tilknytning er elles tvangsgrunnlag for utlegg. Gebyra kan krevjast inn av kommunekasseraren etter reglane for innkrevjing av skatt.

§ 7. Ikraftsetjing

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.¹ Frå same tid opphevast lov 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter.

Forskrifter gjevne i medhald av lov 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter gjeld òg etter at lova her tek til å gjelde.

¹ Frå 1 juli 2012, etter res. 16 mars 2012 nr. 239.

Møtebehandling:

Vedlegg til saka vart delt ut i møte.


Olaug Andreassen reiste habilitetsspørsmål. Ho er medlem av styret i Herøy Vasslag DA. Ho går frå under handsaming av habilitet.

Olaug Andreassen vart samrøystes kjend habil.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.10.2016

1. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 4,0 mill kr som Nerlandsøy Vasslag SA tek opp i Kommunalbanken. Lånet skal nyttast til ytterlegare opprustning av lagets leidningsnett og reinseanlegg.
2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 4,0 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (4,0 mill kroner + 10 % - totalt 4,4 mill kr).
3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 30 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
5. Ein ynskjer samanslåing av vassverka i kommunen.
Garantien vert gitt under føresetnad av at Nerlandsøy Vasslag SA er positiv til ei omstrukturering av vassforsyninga i kommunen og som eit steg på vegen, herunder også fusjon/samanslåing med eitt eller fleire eksisterande vassverk.



Økonomiavdelinga

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	GEO	Arkivsaknr:	2016/1233
		Arkiv:	256

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
219/16	Formannskapet	18.10.2016
167/16	Kommunestyret	27.10.2016

SØKNAD OM GARANTI - NERLANDSØY VASSLAG SA

Tilråding:

1. Herøy kommune yter sjølvskuldsgaranti for eit lån på totalt 4,0 mill kr som Nerlandsøy Vasslag SA tek opp i Kommunalbanken. Lånet skal nyttast til ytterlegare opprustning av lagets leidningsnett og reinseanlegg.
2. Garantien gjeld for lånets hovudstol maksimalt 4,0 mill kr med tillegg av 10 % av til ein kvar tid gjeldande hovudstol til dekning av eventuelle påløpte renter og kostnader. Kommunens maksimale garantiansvar kan ikke overstige (4,0 mill kroner + 10 % - totalt 4,4 mill kr).
3. Garantiansvaret skal reduserast i takt med nedbetalinga på lånet og opphøyrer etter 30 år med tillegg av inntil 2 år, jfr [garantiforskriftenes § 3](#).
4. For at sjølvskuldnarkausjonen/garantistillinga vert gjort gjeldande må den godkjennast av staten V/Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
5. Ein ynskjer samanslåing av vassverka i kommunen.
Garantien vert gitt under føresetnad av at Nerlandsøy Vasslag SA er positiv til ei omstrukturering av vassforsyninga i kommunen og som eit steg på vegen, herunder også fusjon/samanslåing med eitt eller fleire eksisterande vassverk.

Særutskrift:

- Nerlandsøy Vasslag SA, v/Aksel Kvalsvik, 6098 Nerlandsøy
- Økonomiavdelinga, her
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Vest kontrollutvaldsdistrikt,
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde

Vedlegg:

Søknad om garanti

Rekneskap 2015 og budsjett 2016

Oversikt over investeringar

Styrevedtak

Lånetilbod frå Kommunalbanken

Saksopplysningar:

Nerlandsøy Vasslag er det tredje private vasslaget som har søkt kommunal lånegaranti i løpet av dei 18 siste månadane. Dei ynskjer å låne kr 4.000.000,- til diverse tiltak på vasslaget sitt nedslagsfelt som er Teige, Kvalsund og Kopperstad.

Desse tiltaka er omfatta av søknaden:

- Bygningskropp til kr 950.000,- (til bl.a. å huse et naudstraumsaggregat)
- Behandlingsanlegg for kalk, kr 900.000,-
- Flytting av EL-tavle m.m. kr 350.000,-
- Bytte ut og sette totalt 16 nye brannkummer
- Nødstrømsaggregat

Med ei nedbetalingstid på 40,0 år vil årlege avdrag utgjere omlag kr 50.000,-. I tillegg kjem rentekostnadane som vil utgjere omlag kr 75.000,- gitt ei rente på 1,8% p.a. Basert på Nerlandsøy Vasslag SA sitt rekneskap for 2015 har dei eit overskott som dekker dei auka rente- og avdragkostnadane utan å auke vassavgifta som er på kr 2.800,- per år ink mva.

Kommunal lånegaranti

Kommunelova § 51 om "garantier og pantsetting for andres økonomiske forpliktelser" seier i pkt. 2:

"Det kan ikke stilles kausjon eller annen økonomisk garanti knyttet til næringsvirksomhet som drives av andre enn kommunen eller fylkeskommunen selv".

I samband med denne paragrafen er det utarbeidd ei eiga forskrift med tittelen «Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier». Denne forskrifta gjeld frå 03.01.2001.

I § 2 i forskrifta står det:

«Når en kommune eller fylkeskommune stiller garanti for tredjepersons økonomiske forpliktelse, kan kommunen/fylkeskommunen forplikte seg ved simpel kausjon eller selvskyldnerkausjon».

Vedtaket om å stille garanti og garantiavtale/-erklæring skal alltid opplyse om garantiens levetid/varighet. Dersom den er knytt til ei investering kan garantitida ikkje overstige levetida på investeringsobjektet. I denne saka er avdragstida tilpassa vektta gjennomsnittleg levetid for dei arbeida som er utført.

Garantien treng statleg godkjenning (i prinsippet Fylkesmannen) dersom den overstig kr. 500.000,-.

Nerlandsøy Vasslag SA er ein privat aktør som leverer vatn til hushaldningar på Kvalsund, kopperstad og Teige. Levering av vatn vert sett på som ei kommunal primæroppgåve og kommunane har eit ansvar for at sunt og godt vatn vert levert til alle i nok mengde. Lånet som vasslaget tek opp har ei vektta løpetid på 40,0 år slik at det stettar vilkåra i garantiforskrifta som seier at nedbetalingstida maksimalt kan vere på 40 år.

I dette tilfellet kan kommunen gi ein garanti fordi det gjeld ei primæroppgåve. I og med at slike tenester skal vere sjølvfinansierande betyr det at det er abonnentane som må bere dei auka kostnadane vasslaget får som følge av investeringane.

Dersom kommunen vel å gi garanti som omsøkt, må staten godkjenne vedtaket før det vert sett i verk.

Potensiell risiko ved å gi kommunal lånegaranti

Rådmannen ser at det vil medføre ein økonomisk risiko ved å yte ein kommunal lånegaranti på inntil 4,0 mill kr 10%. Kommunen sitt «dilemma» er at vassforsyning er ei kommunal primæroppgåve og kommunen har eit ansvar for at vassforsyninga er tilfredsstillande.

Om det vert vedteke å yte ein garanti på inntil 4,4 mill kr i denne saka vil kommunens samla garantiansvar bli på om lag 123,0 mill kr (69,0 mill som gjeld vassverk, 51,2 mill (Sunnmørsbadet AS) og 11,5 mill på andre aktørar (barnehagar og idrettslag).

Vurdering og konklusjon:

Konsekvensar for folkehelse:

Godt og reint vatn er utan tvil positivt for folkehelsa.

Konsekvensar for beredskap:

Med betre vassleidningar vert ein mindre sårbar ved t.d. brannar. Sikrare vasstilførsel er såleis eit pre for beredskapen.

Konsekvensar for drift:

Ikkje noko spesielt førebels

Konsekvensar for økonomi:

Så lenge lånegarantien ikkje vert effektuert er ikkje konsekvensane for den kommunale økonomien dei største. Ein viss effekt vil ei slik utbygging uansett har på drifta då gebyra har auka mykje dei 2-3 siste åra og Herøy kommune har mange abonnement i Stemmedal Vasslag SA.

Andre konsekvensar

Rådmannen meiner at same vedtaket må gjerast i denne saka som sist ein lånegaranti var til handsaming i kommunestyret. Det er bakgrunnen til at ein har tatt med punkt 5 i tilrådinga.

Fosnavåg, 24.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Geir Egil Olsen
Avd.leiar

Sakshandsamar: Geir Egil Olsen

Herøy kommune

6090 Fosnavåg.

HERØY KOMMUNE RADMANNEN	
Reg nr. 2016/1233	Saksbeh.
12 SEPT. 2016	
Ark kode P	
Ark kode S	
D nr.	Dok nr.

Selvskyldnergaranti fra Herøy kommune på lånebeløp i Kommunalbanken AS på

NOK 4.000.000,- + 10 % skal ikke overstige NOK 4.400.000,-.

Nerlandsøy Vasslag SA viser til tilbud fra Kommunalbanken AS og søker med dette om kommunegaranti for ovennevnte lån.

Vi forsyner i dag Teige, Kvalsund og Kopperstad med vatn, dagens anlegg ble åpna i juli 1993.

Anlegget har i dag 9 brønner i fjellgrunn til vasskjelde, vatne blir pumpet til basseng som er plassert i Teigelia. Høgdebassenget har volum til ca. 2 dagers forbruk. Vi har p.t. 270 abonnenter.

Alt ledningsnett er av PVC.

Vi har UV behandling av alt vatn som blir levert til forbruker.

Kvaliteten på vatner er stabilt godt og Mattilsynet har etter siste besøk sett ned hyppigheten i prøvetaking fra 12 ganger til 8 ganger i året.

Har vi nok vatn? Ingen vet med sikkerhet hvor mye vatn som finnes 100 m nede i bakken, men vi har gode målinger på forbruk via driftskontrollen. Oversikt over gangtida til hver pumpe i løpet av døgnet viser at det er sjelden at noen går over 9 timer pr. døgn. Våre antagelser er at vi utnytter/bruker mellom 40 og 50 % av den kapasiteten vi har. Litt meir i tørkeperioder.

Vi har samarbeidsavtale med Herøy Vasslag SA for hjelp med drift og beredskapsvatn m.m.

Vi har samarbeidsavtale i lag med Herøy Vasslag med entreprenør om utrykning ved brudd m.m.

Vi har samarbeid med Herøy kommune teknisk etat og Herøy Vasslag om overvåkning via data.

Vi har avtaler om levering av strøm i samarbeid de ander vasslaga.

Våre investeringer mot 2020 som vi kaller det går for det meste på sikkerhetstiltak for oss alle som bor på Teige, Kvalsund og Kopperstad.

Mange brannkummer er fra slutten av 60 taller og først på 70 tallet.

Vi har kommet fram til at vi må bytte ut og sette inn totalt 16 nye kummer, dette for å vite at alt virker den dagen de skal brukes, det er våre hus/heimer og liv det kan stå om.

Videre så viser det seg at dette med ekstremvær blir hyppigere i fremtiden.

Sidan vi må pumpe vatnet frå brønner til basseng så er levering av stabil strøm viktig for å drive anlegget, det er den mest sårbare delen, derfor vil vi investere i et nødstrøms-aggregat for å sikre stabil strøm. (Strøm til drift av pumper og UV.)

Dette fører til at vi må investere i nytt hus for å dekke behovet for plass.

Videre er alt grunnvann, også vårt, litt kalkholdig men vi er innenfor alle krav/parameter.

Likevel så ser vi etter over 20 års drift at oppvaskmaskinen har litt problemer med blanke glass.

Vi ser at ting blir litt matta i glansen, dette er nok ikke noe alle bryr seg om. Årsmøtet i laget har bestemt at når vi nå er i gang med å bygge et anlegg med forsyningsnett som er opp mot det beste som er å få til, så vil også dette med å ta ut kalken i vatnet være prikken over i en.

Derfor så vil vi også montere dette i det nye huset, samt gjøre plass til lagring av salt m.m. som må til for å drive dette.

Vi har økonomi til å gjøre dette med det nivået vi har på avgiftene p.t.

Dersom vi skal gjøre dette uten opplåning vil det ta lang tid før vi kommer i mål.

Vi er klar over at vi er på den nedre del av avgifts skalaen, men vi har siden vi startet på dette arbeidet i 1990 betalt inn ekstra andelsinnskudd i stedet for å ha høg avgift. Vi har derfor ingen lån i dag.

Dette til tross for at vi har bytta ut all eternitt, bora 2 nye hol når byggefeltet kom og kosta ledningsnett til det nye feltet. I tillegg brukt penger på sikring av gamle bassenget, med vedlikeholds frie lokk på gammel reduksjonskummer m.m. Vi har videre senka vannspeilet Børdals bassenget med 1 meter for derved å stå mot store nedbørsmengder over kort tid.

Vår budsjett for det nest åra viser at vi er i stand til å betjene det omsøkte lånet uten problemer, med den årsavgiften vi har p.t. (NOK 2.800,- inkl. mva.)

Skulle det bli behov for økning i avgifta så er det ingen problemer med det.

Vi takker på forhånd for et positivt vedtak på vår søknad.

Nerlandsøy 12. september 2016.

Mvh

Nerlandsøy Vasslag SA

Aksel Kvalsvik


Styreleder/dagligleder

Vedlegg:

Regnskap 2015

Budsjett 2016 osv

Kostnadsoverslag investeringer

Årsmøtevedtak

Lånetilbud

Nerlandsøy Vasslag SA - 2015

Taps- og vinningskonto:


Lønninger	66 960,00	Vassavgift	512 720,00
Arbeidsgiveravgift	9 959,00	Renterinntekter	63,95
Elektrisitet	22 342,74	Underskudd	
Rørdeler og rekvisita	92 215,19		
Honorarer	27 000,00		
Kontor.rekv/porto/tlf.	22 484,53		
Kilometergodtgjørelse	3 553,25		
Forsikringspremier	3 858,00		
Avgifter/gebyrer	1 020,25		
Andre kostander	19 379,52		
Tap på krav	2 600,00		
Renteutgifter	7 684,98		
Avskrivninger	65 000,00		
Overskudd	168 726,49		
SUM:	<u>512 783,95</u>		<u>512 783,95</u>


Balansekonto:

Anlegg	2 817 564,60	Andelsinnskudd	3 077 100,00
Debitorer	14 160,00	Kreditorer	82 523,25
Nordea Bank	181 911,89	Andre. Kort. Fordr.	2 400,00
Sparebanken Møre	1 590,30	Skattetrekk	3 600,00
Bankinnskudd skattetrekk	3 600,00	Skyldig arb.g.avg.	954,00
Til gode MVA	16 304,00		
Underbalanse 1/1-15	300 172,95		
Overskudd	-168 726,49		
	131 446,46		
SUM:	<u>3 166 577,25</u>		<u>3 166 577,25</u>

Nerlandsøy, 18. mai 2016


Aksel Kvalsvik


Oskar Waage

Revidert 18/5-16


Budsjett 2016- 2020 (årlig)

• Inn vassavgifter			kr 510.000,-
• Strøm	kr	40.000,-	
• Regnskap	«	30.000,-	
• Porto telf m.m.	«	25.000,-	
• Prøver m.m.	«	25.000,-	
• Forsikringer	«	5.000,-	
• Lønninger	«	100.000,-	
• Vedlikehold/rep	«	65.000,-	= kr. 290.000,-
• Overskudd før avskrivninger			kr. 220.000,-

Nerlandsøy Vasslag

Investeringer mot 2020

Bygning



► Byggevarer	kr 250.000,-
► Grunnarbeid	« 350.000,-
► Byggearbeid	« 200.000,-
► Betongarbeid	« 100.000,-
► Uforutsett	« 50.000,-
► Sum	kr 950.000,-

Behandlingsanlegg for kalk



▶ Anlegg med rør innvendig	kr. 600.000,-
▶ Ny UV m/rør	« 100.000,-
▶ Flytting av UV	« 25.000,-
▶ Rørdeler i grunn	« 25.000,-
▶ Innredning m.m.	« 50.000,-
▶ Uforutsett	« 100.000,-
▶ Sum	kr 900.000,-

Flytting av EL tavle m.m.



► Flytting av tavler m.m	Kr	150.000,-
► Nødstrømsaggregat	«	100.000,-
► Om kabling	«	50.000,-
► Nye kabler m.m.	«	50.000,-
► Sum	Kr	350.000,-

Finansplan



► Totalkostnad for prosjektet	kr 4.200.000,-
► Egenkapital	« 200.000,-
► Lån	« 4.000.000,-

Alle vent gjennomgått.

Sak 8: Næringsmiddelkontrollen mot 2020

Orientering og forberedelse av planer
for bygging av nytt hus for vassbehandlings
og vannledningsnett.

Revidering av vassledningsnett. Der

er 16 kommuner som treng fornying
for å tilfredsstille krav til utstyr for
vannledningsnett.

Kostnad til dette er vel ca 10

kr 4.200.000,- egenkapital på 200.000

kr 14.000.000,- som er

totalt tatt som lån i kommunalbank

med garanti for Høyre kommun.

Medbetaling over 40 år vil gi

enlig rente og andrag på 180.000,-

som kan betjenes uten å sette

ansvarlig.

Utslett av ansmat.

Nerlandsøy Vasslag SA
Øvre Plassegjerdet 6
6090 FOSNAVÅG

06.09.2016

Att: Daglig leder Aksel Lois Kvalsvik

KOMMUNALBANKENS LÅNETILBUD NOK 4.000.000

Vi viser til deres forespørsel av 24. august om lån til oppgradering av nett og utstyr, og har gleden av å tilby følgende lånebetingelser:

Låntager:	Nerlandsøy Vasslag SA, garantert av Herøy kommune.
Formål:	Årsmøtevedtak 24.06.2016 om låneopptak på NOK 4 mill. til oppgradering av nett og utstyr som er fra slutten av 60 tallet. I hovedsak brannkummer på det 6 km lange ledningsnettet. I tillegg investeres det i sikkerhetsutstyr som nødstrøm mm. Antatt kostnad NOK 4,3 mill.
Lånebeløp:	NOK 4.000.000
Utbetaling:	Etter nærmere avtale, dog senest 30.10.2016, forutsatt at lånedokumentasjonen er tilfredsstillende etablert. Lånebeløp som ikke er trukket opp innen nevnte dato bortfaller.
Løpetid:	40 år
Avdrag:	Like store halvårlige etterskuddsvise avdragsterminer på NOK 50.000, første gang 6 måneder etter utbetaling.
Rente:	P.t. rente, NIBOR-tilknyttet rente og fastrente. Vedlagt følger beskrivelse av ønskede renteprodukter. Vi gjør oppmerksom på at rentebetingelsene kan endres innen utbetaling.
Gebyr:	NOK 0
Sikkerhet:	Selvskyldnergaranti fra Herøy kommune som skal dekke lånebeløp, med et tillegg av 10 % til dekning av renter og omkostninger. Kausjonistens maksimumsansvar kan ikke overstige NOK 4.400.000. Garantien skal gjelde fra (første) låneopptrekk og i hele lånets løpetid med tillegg av inntil 2 år i tilfelle utestående beløp etter siste forfallsdato, jfr. Forskrift om kommunale og fylkeskommunale garantier § 3, 4. ledd.
Forutsetninger:	• Før lånet kan innvilges må banken ha mottatt følgende dokumenter: – Firmaattest (ikke eldre enn 3 måneder) (mottatt) – Selskapets gjeldende vedtekter i undertegnet stand (mottatt) – Styrevedtak om låneopptak i undertegnet stand (mottatt) – Kommunens garantivedtak – Fylkesmannens godkjenning av garantivedtaket – Utfylt kundeskjema med bekreftet legitimasjon av signaturberettigede (mottatt) – Regnskap for siste år, budsjett for inneværende år (mottatt)

- Aksept av lånetilbudet anses kun som gyldig der dette er gjort i henhold til selskapets gjeldende vedtekter og styrevedtak.
 - Før utbetaling av lånet må banken ha mottatt følgende signerte lånedokumenter:
 - Gjeldsbrev
 - Tilsagnsbrev
 - Selvskyldnergaranti
 - Lånedokumentene undertegnes av den som i henhold til gjeldende vedtekter/firmaattest har fullmakt til å undertegne på vegne av selskapet.
 - Garantien undertegnes av ordfører eller den som i henhold til reglementet har fullmakt til å undertegne på vegne av kommunen.
 - Vi forutsetter at garantien er avgitt i samsvar med og oppfyller kommunelovens § 51.
- Øvrige betingelser:
- Låntager kan ikke endre eiersammensetningen eller virksomhetens formål uten skriftlig samtykke fra Kommunalbanken.
 - Låntager kan heller ikke selge vesentlige eiendeler eller foreta fusjon, oppkjøp, fisjon eller oppsplitting av selskapet, uten skriftlig samtykke fra banken.
 - Låntager skal ikke drive «næringsvirksomhet», jfr. kommunelovens § 51 annet ledd.
 - Vi forutsetter at ovennevnte betingelser, som gjelder i hele lånets løpetid, også godkjennes og bekreftes av garantisten.

Forbehold: Banken tar forbehold om skrivefeil og eventuelle andre feil ved lånebetingelsene.

Dokumentasjon: Vedlagt er kopi av Kommunalbankens standard lånedokumentasjon.


Aksept: Lånetilbudet bortfaller dersom deres aksept ikke er mottatt innen 30 dager etter lånetilbudets dato.

Kopi av lånetilbudet er sendt til Herøy kommune som garantist.

Vi håper at tilbudet er av interesse, og står gjerne til disposisjon med ytterligere informasjon om ønskelig.

Vi ser frem til å høre fra dere.

Med vennlig hilsen



Marit Urmo Harstad
Kunde- og markedsansvarlig
Iht. fullmakt
21 50 20 57
muh@kommunalbanken.no



Maren K. B. Dahl
Assisterende kundeansvarlig
Iht. fullmakt

Vedlegg:
Lånedokumentasjon
Renteproduktene:
P.t. rente
Fastrente
Rente tilknyttet 3-mnd NIBOR

P.T. RENTE

Nominell rente:	1,800 % p.a.
Effektiv rente:	1,808 % p.a.
Renteberegningsmetode:	Faktiske dager/365 dager.
Renteterminer:	Halvårlige etterskuddsvise renteterminer. Dersom termindatoen ikke er en bankdag, vil forfallstidspunktet settes til påfølgende virkedag.
Varighet:	Varslingsfrist for renteendringer er minimum 14 dager.
Konvertering:	Lånet kan omkostningsfritt konverteres til bankens øvrige renteprodukter.
Innløsning:	Lånet kan omkostningsfritt innløses med 14 dagers varsel.

FASTRENTE

Rentetilknytning: Renten holdes fast i den avtalte bindingsperiode og er beregnet med utgangspunkt i utbetaling innen en uke.

Renteregulering:	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	6 år	7 år	8 år	10 år
Nominell rente:	1,71 %	1,65 %	1,70 %	1,71 %	1,79 %	1,89 %	1,98 %	2,03 %	2,22 %
Effektiv rente:	1,72 %	1,66 %	1,71 %	1,72 %	1,80 %	1,90 %	1,99 %	2,04 %	2,23 %

Renteberegningsmetode: 360 dager/360 dager

Aksept/gyldighet: Banken finansierer sine utlånsmidler ved låneopptak i sertifikat- og obligasjonsmarkedet. Fastrentetilbud sikres ved inngåelse av rentebytteavtale med andre banker. Dersom bankens egne innlånskostnader endres (pluss/minus) mer enn 0,02 % fra tilbud er sendt til aksept mottas, vil banken stille nye rentevilkår. Når låntager har akseptert rentebetingelsene og banken har bekreftet fastrenten som endelig, anses rentebetingelsene som bindende for begge parter.

Terminer: Halvårlige, etterskuddsvise renteterminer. Dersom terminen ikke forfaller på en bankdag, vil forfalltidspunktet settes til påfølgende virkedag.

Lånets avdragsstruktur er nærmere beskrevet i tilbudsbrevet, og bes gjengitt i akseptskjemaet nedenfor, ved valg av fastrentetilknytning.

Innløsning: Hel eller delvis innfrielse kan kun skje på rentereguleringsdato til pari kurs. Banken kan etter nærmere skriftlig avtale imøtekomme hel eller delvis innløsning av lånet på andre tidspunkter enn rentereguleringsdato til markedskurs beregnet av Kommunalbanken. Banken må ha mottatt melding om innløsning senest 30 dager innen ønsket innfrielse.

Diverse: Dersom banken ikke mottar tilbakemelding om ønsket ny rentetilknytning innen rentereguleringsdato, vil lånet bli tilknyttet p.t.-rente fra samme dato.

Ved aksept av fastrente, vennligst skriv ut arket, fyll ut tabellen under og returner snarlig på e-post.

AKSEPT FASTRENTE

Låntager:	
Lånebeløp i NOK:	4.000.000
Start fastrente:	
Utløp fastrente:	
1. Rentetermin:	
1. Avdragstermin:	
Lånetype / løpetid i år:	Serielån / 40 år
Avdragsbeløp i NOK:	50.000
Terminer pr. år:	2
Nominell rente:	
Effektiv rente:	

I henhold til bankens lånetilbud datert aksepteres valgte rentebindingsperiode, nominell og effektiv rente, samt lånebetingelsene for øvrig.

Dato.....

Sign. og stempel.....

3 MÅNEDER NIBOR

Rentetilknytning: Renten på lånet er 3-måneders NIBOR med tillegg av en fastsatt margin. Låntager kan velge mellom en flytende margin gjeldende frem til neste marginreguleringsdato, eller en fast margin i 1-3 år.

Renteregulering: Renten på lånet reguleres hver tredje måned. NIBOR avleses 2 bankdager før utbetaling/rentereguleringsdato og ny rente settes lik 3-måneders NIBOR pluss den avtalte margin.

Rentebetingelser:

Marginregulering	Flytende margin	Fast 1 år margin	Fast 2 år margin	Fast 3 år margin
3-mnd NIBOR *	1,08 %	1,08 %	1,08 %	1,08 %
Margin	0,70 %	0,70 %	0,70 %	0,75 %
Nominell rente	1,78 %	1,78 %	1,78 %	1,83 %
Effektiv rente	1,79 %	1,79 %	1,79 %	1,84 %

* Endelig rente blir avlest kl. 12.00 to bankdager før utbetaling.

Renteberegningsmetode: Faktiske dager/360 dager.

Renteterminer: Kvartalsvise, etterskuddsvise renteterminer.

Konvertering: Banken kan etter nærmere avtale gi tilbud om konvertering av lån tilknyttet 3-måneders NIBOR. Konverteringen skal skje på rentereguleringsdato for NIBOR med flytende margin eller marginregulering for NIBOR med fast margin med 7 dagers forutgående skriftlig varsel.

Marginregulering: Flytende margin kan endres fra bankens side med varslingsfrist på minimum 14 dager før hver renteregulering. Vi gjør oppmerksom på at både flytende og fast margin kan endres tilsvarende innen hel eller delvis utbetaling av lånet.

Innløsning: Hel eller delvis innfrielse kan kun skje på marginreguleringsdato (/rentereguleringsdato for flytende margin) til pari kurs. Banken kan etter nærmere skriftlig avtale imøtekomme hel eller delvis innløsning av lånet på andre tidspunkter enn rente/marginreguleringsdato til markedskurs beregnet av Kommunalbanken. Banken må ha mottatt melding om innløsning senest 10 dager før ønsket innfrielse.

Diverse: (Ved NIBOR med fast margin)
Dersom banken ikke mottar tilbakemelding om ønsket ny rentetilknytning innen marginreguleringsdato, vil lånet bli tilknyttet p.t.-rente fra samme dato.

Lån nr.

Kr

Undertegnede,

Låntaker(e)	
Navn, adresse	Organisasjonsnr.
[•] kommune/fylkeskommune ("Låntaker")	

erkjenner herved å skyld

Långiver	
Navn, adresse	Organisasjonsnr.
KOMMUNALBANKEN AS ("Långiver") Haakon VII's gate 5 B 0161 OSLO	981 203 267

følgende beløp:

Beløp i kroner	Beløp med bokstaver i kroner
----------------	------------------------------

Lånebetingelser
Låneavtalen består av dette underskrevne gjeldsbrev samt vedlegg beskrevet nedenfor (benevnt "Låneavtalen"). Vedleggene skal anses som en integrert del av gjeldsbrevet og Låneavtalen.
Beløpet med tillegg av renter og omkostninger, beregnet på grunnlag av de satser som til enhver tid gjelder i låneperioden, tilbakebetales i samsvar med betingelsene i Låneavtalen.
Långiver kan til enhver tid kreve lånet førtidig innfridd med 12 måneders skriftlig varsel. Långiver kan ikke benytte retten til å kreve slik førtidig innfrielse i perioder hvor lånet løper med avtalt fastrente eller fast margin (lengre enn 12 måneders gjenværende rente/marginbinding).
Låntager kan innløse lånet i samsvar med de vilkår som følger av Vedlegg 1 (Tilsagnsbrev) eller vilkårene ved senere rentetilknytninger.
Hvis rente- og avdragsterminer ikke betales i rett tid svares etterskuddsrente med f.t. 3,0 % over den for lånet gjeldende rentesats.

Vedlegg til gjeldsbrevet
Vedlegg 1: Tilsagnsbrev Vedlegg 2: Pantdokument Vedlegg 3: Avtale om selvskyldnergaranti/simpel kausjon Vedlegg 4: Negativ pantsettelseserklæring

Følgende generelle lånevilkår gjelder med mindre annet følger av ufravikelig lov, forskrift eller særskilt avtalte vilkår (se første side):

Låntaker forplikter seg til å levere årlig regnskap og budsjetter til Långiver og forplikter seg til, hvis Långiver forlanger det, å gi opplysninger om sin økonomiske stilling og spesifikasjoner til regnskapene.

Låntaker er forpliktet til å underrette Långiver, uten ugrunnet opphold, dersom det inntreffer forhold som vesentlig forverrer Låntakers økonomiske stilling.

Gjelden kan forlanges innfridd i sin helhet umiddelbart uten oppsigelse eller påkrav dersom Låntaker vesentlig misligholder sine forpliktelser etter Låneavtalen. Dette gjelder også dersom Låntaker innstiller sine betalinger, erkjenner skriftlig ikke å være i stand til å betale sine forpliktelser etter hvert som de forfaller, innleder gjeldsforhandling av noe slag eller tas under konkursbehandling, blir gjenstand for utleggsforfølgning, arrest eller annen tvangsforfølgning, eller dersom låntaker vesentlig forringer sin formuesstilling på annen måte. Det samme gjelder dersom Låntaker innstiller eller truer med å innstille sin virksomhet, eller øvrige lån, garantier eller andre forpliktelser av finansiell karakter som Låntaker måtte ha, formelt eller reelt blir erklært misligholdt, eller det tas skritt for realisasjon av sikkerheter stillet for slike forpliktelser.

Låntaker godtar herved at påkrav kan sendes ved bruk av elektronisk kommunikasjon til den av Låntaker senest meddelte elektroniske adresse. Påkrav forkynnes under den til Långiver sist meddelte adresse. Låntaker skal ved påkrav betale omkostninger som påløper ved inndrivelse av gjelden.

Lånet kan fritt overdras uten Låntakers samtykke. Låntaker kan ikke overdra lånet til tredjemann, uten forutgående skriftlig samtykke fra Långiver. Låntaker frafaller retten til å erklære motregning eller til å gjøre gjeldende motkrav.

Låntaker vedtar inndrivelse uten søksmål av lånebeløp, renter og utenrettslige inndrivingskostnader, overensstemmede med tvangsfullbyrdsloven § 7-2 a. Varsel etter samme lov § 4-18 oversendes den til Långiver sist oppgitte adresse.

Dersom lånebeløpet benyttes til fast eiendom, forutsettes tiltrekkelig og forsvarlig forsikringsdekning. Forsikringsattest skal innsendes Långiver. Evt. senere endringer i forsikringsforhold skal straks meddeles Långiver. Dersom forsikringspremien ikke betales i rett tid, er Långiver berettiget til å dekke den for Låntakers regning. Evt. brannerstatning, naturskadeerstatning eller annen erstatning som følge av hel eller delvis skade, kan kreves i sin helhet til hel eller delvis innfrielse av lånet, med de begrensninger som følger av lov eller avtale.

Låntaker aksepterer at de ikke-preseptoriske bestemmelser i finansavtaleloven 1999 nr. 46 er fraveket i den utstrekning det følger av Låneavtalens vilkår.

Sted og dato	
Låntakers stempel og underskrift	Gjentas med maskin eller blokkbokstaver

Jeg/Vi bekrefter at underskriver(ne) er over 18 år, og har underskrevet eller vedkjent seg sin(e) underskrift(er) i mitt/vårt nærvær. Jeg/Vi er myndig(e) og bosatt i Norge.


1. vitneunderskrift	Gjentas med maskin eller blokkbokstaver
Adresse (med maskin eller blokkbokstaver)	
2. vitneunderskrift	Gjentas med maskin eller blokkbokstaver
Adresse (med maskin eller blokkbokstaver)	

Møtebehandling:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

Tilråding i Formannskapet - 18.10.2016

Herøy kommune gjennomfører stortingsvalet og sametingsvalet 2017, mandag 11. september.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Dokumentsenter og politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	HS	Arkivsaknr:	2015/1267
		Arkiv:	011

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
220/16	Formannskapet	18.10.2016
168/16	Kommunestyret	27.10.2016

STORTINGSVALET OG SAMETINGSVALET 2017 - FASTSETJING AV VALDAG

Tilråding:

Herøy kommune gjennomfører stortingsvalet og sametingsvalet 2017, mandag 11. september.

Særutskrift:
Valstyret

Vedlegg:

Brev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Saksopplysningar:

I statsråd 22. april 2016 er valgdagen for stortingsvalget og sametingsvalget 2017 fastsatt til **mandag 11. september 2017**.

I følgje vallova § 9-2 (2), kan kommunestyre sjølv med tilslutning frå minst 1/3 av medlemane, vedta at det på ein eller fleire stadar i kommunen skal haldast val også på søndagen før den offisielle valdagen. Om kommunen ynskjer å halde val over 2 dagar, må vedtak om dette fattast seinast samtidig med at kommunestyret vedtek budsjettet for 2017.

Fosnavåg, 12.09.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

Sakshandsamar: Hilde Bringsvor Skinnnes



DET KONGELIGE KOMMUNAL-
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Stortinget
Sametinget
Departementene
Fylkesmennene
Fylkeskommunene
Kommunene
De registrerte politiske partiene

Deres ref

Vår ref

Dato

16/273-9

22.04.2016

Storingsvalget og sametingsvalget 2017 - fastsetting av valgdag -

Valgloven § 9-2 (1) lyder:

"Kongen fastsetter før hvert valg valgdagen til en mandag."

Det er viktig at rådmannen får tilbakemelding. Det gjeld både struktur og innhald. Rådmannen vi då prøve å tilpasse seinare rapportar i forhold til tilbakemeldingane

Fosnavåg, 06.10.2016

Olaus-Jon Kopperstad
Rådmann

2/2016

Servicetorget Tertialrapportering

Servicetorgleiar /Wenche Moltu

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Det har vore redusert opningstid denne perioden. Tida har vore nytta til interne møter og oppdatering.

Person er tilbake frå permisjon, men har sagt opp stillinga. Stillinga er lyst ut og tilsetting av ny person er gjort. Personen starter 01.12.2016

2. VEDTAKSRAPPORT

Ny kriseplan /beredskapsplan er ikkje ferdig.

Alkoholpolitisk plan vedteken . Alle sal- og skjenkestadane som har søkt og levert naudsynt dokumentasjon har fått sine saker handsama.

3. TENESTERAPPORTERING

Det har vore få avvik meldt frå ST i denne perioden. Det har ikkje vore klager på tenestene ST yter til publikum. Ein at manglande informasjon/beskjed frå avdelingane er ei utfordring i levering av tenester og god service.

Utviklingsarbeid

Redusert opningstid har vore til stor hjelp. Tida utanfor opningstida har vore nytta til oppdatering, intern opplæring frå andre avdelingar og sakshandsaming.

PERSONAL- OG ORGANISASJONSAVDELINGA

Personal- og organisasjonsleiar Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

a) Medarbeidarsamtaler

Personal- og organisasjonsavdelinga har gjennomført medarbeidarsamtale med dei tilsette i avdelinga.

b) Omorganisering

Personal- og organisasjonsavdelinga har på oppdrag frå rådmannen utarbeidd juridiske vurderingar, og kome med ei tilråding til omorganiseringsprosessen.

c) Lønspolitiske drøftingsmøte

Forhandlingsutvalet har gjennomført lønspolitiske drøftingsmøte med arbeidstakarorganisasjonane.

2. VEDTAKSRAPPORT

Inkje å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Inkje å rapportere.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Inkje å rapportere.

Utviklingsarbeid

Fylgjande utviklingsoppgåver er sett i verk eller er under arbeid innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

a) Nytt tidsregistreringssystem

Rådmannen gav personal- og organisasjonsleiar i oppdrag å leie ei partsamansett arbeidsgruppe som fekk som mandat å utforme førespurnad og krav spesifikasjon,

og innhente tilbud frå andre tidsregistreringstilbydarar. Herøy kommune har no inngått avtale om nytt tidsregistreringssystem. Administrasjonen er no i gang med å klargjere systemet for installering og testing. Vidare er planen å gjennomføre opplæring med leiarane, som har eit hovudansvar innan sitt ansvarsområde. Dette arbeidet vil vere ferdigstilt i løpet av året. Planen er at organisasjonen skal ta i bruk systemet frå 01.01.2017.

b) Overordna HMT-plan

Personal- og organisasjonsavdelinga har i samarbeid med HVO og eigedomsavdeling fortsatt arbeidet med ny overordna HMT-plan og andre HMT-dokument. Ny HMT-plan får ein heilt ny utforming og annan oppbygning og struktur, og vil vere i form av ei HMT-handbok.

c) Utarbeiding av informasjonshandbok - Bestikken

Personal- og organisasjonsavdelinga har i lengre tid arbeidd med ei informasjonshandbok til tilsette i Herøy kommune. Boka skal kunne nyttast som oppslagsverk og som utgangspunkt for intern opplæring.

4. SJUKEFRÅVÆR, REFUSJONAR OG KOSTANADAR

Innleiing

Frå og med 01.01.15 har sjukefråveret i Herøy kommune vorte rapportert tertialvist, der Personal- og organisasjonsavdelinga også sender ut status for sjukefråvær for den enkelte avdeling kvar månad. Dette har avdelinga bl.a. gjort for å lette arbeidet og for å minne leiarane på status for sjukefråveret i si avdeling.

I framstillinga vert det nytte fire sjukefråværsomgrep.

- Korttidssjukefråvær er sjukefråvær frå og med 1. fråværsdag til og med 16. fråværsdag.
- Langtidssjukefråvær er sjukefråvær som strekkjer seg frå og med 17. dag til og med maksdato for sjukmeldingsrett (normalt 248 dagar).
- Samla sjukefråvær er langtids- og korttidssjukefråvær samla sett.
- Nærvær er dei tilsette som til ein kvar tid er på jobb.

Tabell 1 nedanfor syner sjukefråvær 3. tertial 2015 og 1. og 2. tertial 2016

Tertialvise fråvær i % Herøy kommune. 3. tertial 2015 og 1. og 2. tertial 2016									
L= Langtidsfråvær, K= Kortidsfråvær									
Avdeling	3. tertial	K	L	1. tertial	K	L	2. tertial	K	L
Personal og org. inkl.	5,32	1,03	8,21	6,57	3,01	3,56	0,92	0,92	0
Økonomi (>10)	9,87	1,45	8,41	10,48	1,36	9,13	3,53	3,53	0
Fellessekr. (<5)	0	0	0	4,74	2,77	1,98	6,8	0,51	6,29
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	0,39	0,39	0	5,76	5,76	0	10,59	0	10,59
Serviceforretning (<10)	14,25	3,14	11,11	0,71	0,71	0	3,38	3,38	0
Utviklingsavd. (<10)	5,44	3,53	1,91	5,61	2,33	3,27	5	0,31	4,69
Barnehageavd. (<40)	12,32	3,46	8,86	10,3	2,54	7,77	6,4	1,35	5,05
Grunnskuleavd. (<25)	5,32	1,5	3,82	7,11	2,32	4,79	3,01	1,06	1,95
Anl. og drift (<15)	0,8	0,8	0	1,12	1,12	0	1,24	1,24	0
Brannvern (<30)	1,23	0,95	0,28	2,23	1,9	0,32	0,28	0,13	0,14
Helse (<40)	2,55	0,67	1,87	5,03	1,34	3,38	0,95	0,55	0,4
Pleie og omsorg (<30)	7,04	2,14	4,9	8,76	2,43	6,33	6,78	1,36	5,42
Bu og hab. (<75)	7,94	3,11	4,84	10,01	2,44	7,57	11,72	2,3	9,41
Barnevern (<10)	5,28	2,45	2,82	9,85	3,22	6,63	3,58	1,16	2,43
Kultur (>10)	5,69	1,95	3,73	7,08	2,36	4,72	0,45	0,22	0,22
Eigedom (<40)	22,29	3,21	16,38	19,92	2,84	14,08	10,84	2,38	8,46
NAV kommune (10)	13,64	2,27	11,37	18,17	5,03	13,14	11,1	3,9	7,21
Totalt fråvær	7,53	2,04	5,48	8,61	2,4	6,2	5,57	1,39	4,17

Tabell 2 nedanfor syner sjukefråværet for 2. tertial 2015 og 2016

Avdeling	2. tertial	K	L	2. tertial	K	L
Personal og org. inkl.	4,52	1,4	3,12	0,92	0,92	0
Økonomi (>10)	15,14	0,79	14,35	3,53	3,53	0
Fellessekr. (<5)	0	0	0	6,8	0,51	6,29
Rådm./ass.rådm. (<5)	0	0	0	0	0	0
IKT (<5)	11,57	0	11,57	10,59	0	10,59
Serviceforretning (<10)	0,88	0,88	0	3,38	3,38	0
Utviklingsavd. (<10)	2,07	0,84	1,23	5	0,31	4,69
Barnehageavd. (<40)	8,35	2,93	5,41	6,4	1,35	5,04
Grunnskuleavd. (<25)	5,38	0,87	4,51	3,01	1,06	1,95
Anl. og drift (<15)	4,89	0,41	4,41	1,24	1,24	0
Brannvern (<30)	0,28	0,13	0,15	0,28	0,13	0,14
Helse (<40)	6,61	0,74	5,86	0,95	0,55	0,4
Pleie og omsorg (<30)	8,87	1,98	6,89	6,78	1,36	5,42
Bu og hab. (<75)	8,02	2,28	5,74	11,72	2,3	9,41
Barnevern (<10)	8,08	0,74	7,34	3,58	1,16	2,43
Kultur (>10)	3,43	2,68	0,75	0,45	0,22	0,22
Eigedom (<40)	8,96	2,32	6,64	10,84	2,38	8,46
NAV kommune (10)	17,45	2,77	14,69	11,1	3,9	7,21
Totalt fråvær	7,25	1,55	5,7	5,57	1,39	4,17


Saksopplysningar

Herøy kommune har eit samla sjukefråvær på 5,57% for 2. tertial 2016. Snittet for sjukefråværet er so langt i år på 7,09%. Målet for nærvær i 2016 er sett til 92,5%. Snittet for nærvær so langt i år er 92,91%.

Dette er det lågaste tala som er registrerte sidan Personal- og organisasjonsavdelinga starta med fråværsregistrering i Agresso 01.01.09. I diagrammet nedanfor syner utviklinga frå 2011 fram til no.

Dersom vi samanliknar 2. tertial 2016 med 2. tertial 2015 (tabell 2), ser vi at der er ein skilnad på 1,68%. Om vi ser på utviklinga frå 3. tertial 2015 til og med 2. tertial 2016 (tabell 1), kan vi lese av at sjukefråværet varierer gjennom året. Ser ein på historikken (diagrammet) er det gjennomgåande ein topp i sjukefråværet 1. tertial kvart år. Normalt er 2. tertial den klart beste perioden av arbeidsåret, med unntak av 2013 då sjukefråværet var noko lågare i 3. tertial.

Fråværshistorikk 2011-2016



Vurdering og konklusjon

Vi har innleiingsvis konstatert at vi har eit historisk lågt sjukefråvær, men fråværet varierer framleis mykje mellom dei ulike avdelingar og arbeidsplassar. Det må og merkast at avdelingar med få tilsette får eit større utslag prosentvis enn dei store avdelingane.

Det er særleg tre avdelingar som har hatt ei positiv utvikling siste året, og det gjeld Barnehageavdelinga som har gått frå 12,32% i 3. tertial 2015 til 6,4% 2. tertial 2016. Pleie- og omsorgsavdelinga har også stabilisert seg på godt under 10% og ligg i 2. kvartal på 6,78%, som også litt godt under det overordna målet til Herøy kommune på 7,5%. Desse avdelingane har arbeida godt med nærværarbeid over tid.

Eigedomsavdelinga er den som har størst reduksjonen i sjukefråvær det siste året ved å gå frå 22,29% fråvær i 3. tertial 2015 til 10,84% i 2. tertial 2016. I denne perioden er altså fråværet meir enn halvert. Denne positive utviklinga kan ha fleire grunnar, men truleg har teamorganisering innan reinhald bidrege positivt.

I same periode ser vi også ein nedgang i Personal- og organisasjonsavdelinga, Økonomiavdelinga, Servicetorget, Avdeling for barn, familie og helse, Kultur og Nav kommune i tillegg til grunnskule i Skuleavdelinga. Grunnskulen avviklar samordna ferie i store deler av tertialet, og står soleis i ei særstilling. Likevel ser vi at det er ein nedgang på 2,37% frå 2. tertial 2015 til 2. tertial 2016.

Avdelingane som har ein auke i sjukefråværet er IKT og Bu- og habilitering. IKT har gått frå under 1% til over 10% frå 3. tertial 2015 til 2. tertial 2016. Det er verdt å merke at dette er ei lita avdeling, slik at om ein medarbeidar er langtidssjukemeld vil det få stor prosentvis innverknad. Når det gjeld Bu- og habilitering har denne avdelinga bort i mot 5% auke i sjukefråvær dei siste 8 månadane. Varierende belastning gjennom året kan vere ei forklaring.

Dei fleste avdelingane har med andre ord ein nedgang i sjukefråværet som samla sett. Dette er vi svært nøgde med.

Arbeidet med nærvær

Herøy kommune jobbar målretta og systematisk med å auke nærværet til dei tilsette i Herøy kommune, og arbeider på ulike nivå og med ulike tiltak. Dette gjeld både i eit kortsiktig og langsiktig perspektiv.

Når det gjeld det langsiktige perspektivet blir det jobba med å organisere og utforme arbeidet på ein slik måte at det er helseførebyggjande. Dette er reinhaldsavdelinga eit godt døme på, der avdelinga har gått over til teamorganisering. I tillegg til at dei har gjennomført aktivitetar som er retta mot dei relasjonsmessige forholda i avdelinga. Leiar har både arrangert kurs med ekstern føredragshaldar og gjennomført sosiale aktivitetar for å utvikle det psykososiale arbeidsmiljøet.

Avdelingar og tilsette i Herøy kommune har også fått kurs i ergonomi og enkelttilsette har fått ergonomisk tilrettelegging på sin arbeidsplass. Dette gjeld mellom anna tilsette i skule og barnehage.

Arbeidsgjevar har òg i større grad retta ressursar og nytta bedriftshelsetenesta inn mot einingar og avdelingar som står over for særskilte utfordringar.

For ei tid attende var grensesnittet i høve ansvaret kring sjukefråværsoppfylginga på individnivå presisert. Det er den einskilde leiar med personalansvar som har det fulle

ansvaret med å fylgje opp eigne medarbeidarar. Personal- og organisasjonsavdelinga yter stabstenester og hjelper til i einskildsaker. Arbeidsgjevar fyl dei fastsette rutinane for sjukefråværsoppfølging, og i tillegg blir det jobba med å komme inn så tidleg som råd når sjukemelding er eit faktum. Ved høve der den tilsette fell ut på nytt etter avslutta sjukmelding, er arbeidsgjevar særleg merksam.

Personal- og organisasjonsavdelinga sender kvar månad ut fråværsstatistikk til leiarane i avdelingane, for å halde dei oppdaterte og vere med på å skape ei medvita haldning til sjukefråværet i avdelinga eller organisasjon.

Det er òg vert å merkje seg at organisasjonen har eit godt fungerande Kontakt- og IA-utval, som har regelmessige møter. Dette er med på styrkje dialogen mellom arbeidegjevar, arbeidstakarorganisasjonane, vernetenesta, bedriftshelsetenesta og NAV.

Arbeidsmiljøutvalet (AMU) har og fått på plass rutinar som sikrar at alle rapportar som vert utarbeida av bedriftshelsetenesta vert handsama i utvalet. AMU har i den samanheng fått gode meldingar attende bl.a. frå bedriftshelsetenesta for denne omlegginga.

Oppsummering


Den samla organisasjonen arbeider godt med HMS generelt, og med nærværarbeid spesielt. Samstundes ser vi at årsakene til sjukefråværet er samansette, og at situasjonen er svært ulik frå avdeling til avdeling gjennom året. Det er òg kjent at ikkje berre organisasjonsinterne høve har verkand på sjukefråværet. Til dømes veit vi at den generelle situasjonen i arbeidsmarknaden kan ha verknad.

Personal- og organisasjonsavdelinga har peika på og synt til konkrete dømer på korleis det vert arbeidd med sjukfråværet i vår organisasjon. Vi vonar og trur at det gode arbeidet som er lagt ned over tid gjev resultat. Undersøkingar og erfaringar i andre organisasjonar syner at kontinuerleg fokus og lokale tilpassingar er hovudfaktorar for å lukkast med nærværarbeidet.

Sjølv om vi i 2016 har hatt ei positiv utvikling, vil det også for framtida krevje stor innsats for å halde nærværet høgt.

Sjukepengerefusjonar 1. og 2. tertial 2016

Oversynet syner genererte sjukepengekrav per måned (blå søyler), det vil sei dei krav i kroner arbeidsgjevar meiner å ha på NAV, og motteken refusjonar i kroner (raude søyler) frå NAV per måned.



Oppdatert per. 06.09.16

Personal- og organisasjonsavdelinga gjer merksam på at genererte krav og motteken refusjonar ikkje er samanfallande, då krava vert refundert etterskotsvis. Dette kjem tydeleg fram om ein t.d. samanliknar genererte krav i februar med motteken refusjonar i april.


Tabell 3 syner samla sjukepengekrav og motteken refusjonar i 1. og 2. tertial 2016

Totalt genererte krav	kr 7 978 855,00
Totalt motteke refusjon	kr 7 364 605,00
Snitt motteke refusjon per måned	kr 920 575,63
Uteståande krav	kr 614 250,00

Personal- og organisasjonsavdelinga gjer merksam på at storleiken på uteståande krav skuldast at det er sett fram refusjonskrav for september, medan ein her berre har teke med bokførte refusjonar per august.

Foreldrepengerefusjonar 1. og 2. tertial 2016

Oversynet syner genererte foreldrepengekrav per måned (blå søyler), det vil sei dei krav i kroner arbeidsgjevar meiner å ha på NAV, og motteken refusjonar i kroner (raude søyler) frå NAV per måned.



Oppdatert per 06.09.16

Vi gjer merksam på at genererte krav og motteken refusjonar ikkje er samanfallande, då krava vert refundert etterskotsvis. Som ein ser av søylene for foreldrepengar, samanlikna med sjukepengar, er det meir samanfallande mellom krav og refusjon når det gjeld foreldrepengar. Dette skuldast at når ein fyrst har sett fram krav om refusjon av foreldrepengar vil det normalt vere få og små endringar i løpet heile foreldrepengeperioden.

Tabell 4 syner samla foreldrepengekrav og motteken refusjonar i 1. og 2. tertial 2016

Totalt genererte krav	kr 4 092 359,00
Totalt motteke refusjon	kr 3 552 742,00
Snitt motteke refusjon per måned	kr 444 092,75
Uteståande krav	kr 539 617,00

Personal- og organisasjonsavdelinga gjer merksam på at storleiken på uteståande krav skuldast at det er sett fram refusjonskrav for september, medan ein her berre har teke med bokførte refusjonar per august.

Kostandar ved sjukefråvær

Personal- og organisasjonsavdelinga har rekna på kostandane kring sjukefråvær i organisasjonen. Ein har lagt til grunn KS sin berekningsmodell, og sett resultatane inn i egen tabell, sjå nedanfor.¹

Tabell 5 syner årskostanden om det faktiske tertialfråværet vart rekna over eit år

Kostander ved sjukefråvær for Herøy kommune per år						
Tertial	Totalfråvær %	Total kostnad mill.	Korttidsfråvær %	Korttid kostand mill.	Langtidsfråvær %	Langtid kostand mill.
1. tertial 2014	8,77	10	2,24	6,7	6,53	3,3
1. tertial 2015	10,53	11,3	2,41	7,2	8,12	4,1
1. tertial 2016	8,6	10,5	2,4	7,3	6,2	3,2
2. tertial 2016	5,56	6,4	1,39	4,2	4,17	2,2
Snitt fråvær	8,365	9,55	2,11	6,35	6,255	3,2
Kostnad i mill. kr. per 1% fráv						
Total fråvær	1,141661686	Korttidsfråvær	3,009478673	Langtidsfråvær	0,511590727	

Om vi legg sjukefråværet for 2. tertial i 2016 til grunn, vil det koste Herøy kommune om lag 6,4 millionar kroner per år. Til samanlikning var det samla sjukefråværet i 1. tertial 2015 på heile 10,53%. Over eit år ville dette gje ein kostand for arbeidsgjevar på om lag 11,3 millionar kroner.

Basert på våre tal og utrekningar kostar 1% samla sjukefråvær i Herøy kommune i overkant av 1,1 millionar kroner. Korttidsfråværet kostar vel 3 millionar kroner, medan korttidsfråværet kostar vel 0.5 millionar kroner per 1%.

Grunnen til at korttidsfråværet kostar mest er arbeidsgjevar dekkjer løna i arbeidsgjevarperioden på 16. dagar. Sjølv om arbeidsgjevar får refundert sjukepengar frå NAV etter arbeidsgjevarperioden, vil det t.d. arbeidsgjevaravgift, pensjonskostandar og kostand for arbeidsgjevar der løna til den sjukmelde er over 6G (6 x grunnbeløpet = kr. 555 456,-). Kommunalt tilsette har rett på full løn ved sjukmelding, medan NAV berre refunderer sjukepengar opp til 6G.

Jan Vidar Dammen-Hjelmeseth
Personal- og organisasjonsleiar

Fosnavåg 30. september 2016

¹ <http://www.ks.no/fagomrader/Arbeidsgiver/analyse-og-statistikk/fravar/beregningsmodell-for-kostnader-av-sykefravar-i-kommunene/>

«Modellen beregner det samfunnsøkonomiske tapet ved at arbeid ikke blir utført. Den tar utgangspunkt i at verdien av et dagsverk er lik summen arbeidsgiver er villig til å betale for dagsverket. Et dagsverk er da verdt det arbeidsgiver betaler, det vil si lønn, tillegg, feriepengar, pensjon og arbeidsgiveravgift. Det antas at arbeidet ikke blir utført ved fravær, og modellen regner ut verdien av dagsverkene som ikke blir utført. Tallene som framkommer er altså verdien av produksjonstapet, og er et reelt tap. Det er ikke et tall som framkommer i kommunens regnskap.»

IKT-avdelinga

IKT-leiar Guro Gausemel

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

- 1.1. Hovudoppgradering av ePhorte.
- 1.2. Hovudoppgradering av Agresso
- 1.3. Ny brannmur og antivirusløyising
- 1.4. Flytting til nye kontorlokaler

2. VEDTAK

Ingenting å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik i Kvalitetslosen siste tertial:

DATO	AVVIKSTITTEL	AVVIKS-ID	Status
26.08.2016	Trio og kalender funkjar ikkje	1697	Lukka
25.08.2016	Servicetorget kan ikkje leggje inn i Trio (berre ein person)	1694	Open. Ventar på overgang til nytt sentralbordsystem

Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

- Flytting av server/program vassverk og DX-billett.
- Nytt supportsystem IKT-avdelinga – Fellesprosjekt med dei andre IKT-avdelingane i sjustjerna. Det vert sett opp eit supportsystem som vert felles for alle dei sju kommunane
- Overgang til mobilt sentralbord – Trio skal fasast ut. Vi går over på same sentralbordløyising som 5 av dei andre kommunane i sjustjerna, mobilt sentralbord frå Telenor.
- Nedbygging/avvikling serverrom på rådhuset
- Oppsett nettverk og klientar/telefoni nybygg Leikanger skule og

omsorgsbustader.

Barnehageavdelinga

Laila Kvalsund Solhaug

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Hending

Kommunen har fått svar frå fylkesmannen i samband med klagen frå PBL på vedtak etter rekeskapavslutninga 2014 . Fylkesmannen oppheva vedtaka Herøy kommune hadde gjort og bad kommunen gjere nye vedtak.

Fylkesmannen konstaterte at aktivitetsendringa i Gnist barnehage ikkje nødvendigvis kunne sjåast på som ei stor aktivitetsendring sjølv om den hadde den storleiken som omtalt og kommunen vurderte det som ei stor endring.

Kommunen har no gjort nye vedtak og sendt ut til dei private barnehagane.

Klagefristen har ikkje gått ut, så ein veit ennå ikkje om kommunen vil få klage på desse vedtaka.

Resultatet av desse siste vedtaka er at Gnist barnehage må betale attende til kommunen kr. 227 460,- og dei andre barnehagane får slik meirutbetaling: Huldal: kr. 91 242,-, Sirlihaugen: kr.119 660,- Troll-myra: kr. 172 504,- Troll-lia: kr. 182 228,-

Hending

Det er framleis ledige plassar i nokre av barnehagane.

Hending

Dokumenttilsynet i kommunale barnehagar er no snart gjennomført. Det er ikkje funne avvik innanfor dei varsla paragrafane. Det vil kome eiga orienteringssak om dokumenttilsynet til komite for oppvekst og kommunestyret.

2.VEDTAK

Ingenting å rapportere.

3.TENESTE

Det er ikkje meldt avvik i Kvalitetslosen siste tertial.

4. UTVIKLINGSARBEID

Det er planlagt ei leiarsamling for alle styrarar, PPT tilsette og barnehageansvarlege på kommunenivå for sjustjernakommunene 21 og 22 november 2016. Temaet på samlinga er forbygging av mobbing i barnehagen og autoriativ leiing av læring. Læringsmiljøsenderet i Stavanger er fagleg ansvarleg for 1. dag og leiar for PPT Hareid og Ulstein for 2. dag.

Høgskulen i Volda har starta mentorutdanning i Ulsteinvik dette barnehageåret. Barnehageleiar og tre pedagogiske leiarar deltek frå Herøy.

5. PÅLEGG FRÅ OFFENTLEGE TILSYNSORGAN

Ingen registrerte pålegg.

SKULEAVDELINGA

Sølvi Lillebø Remøy

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

- 1.1. 12 lærarar starta på vidareutdanning i august, fleire enn nokon gong før. Alle for å kvalifisere seg i tråd med nasjonale kompetansekrav.
- 1.2. Etablering av klasser for opplæring av norsk/grunnskuleopplæring for einslege, mindreårige asylsøkjjarar. Ei ny avdeling under Internasjonal skule.
- 1.3. Svært positiv og verdifull samling for alle tilsette i skuleavdelinga i august; tema relasjonskompetanse som grunnlag for læring
- 1.4. Revisjon av strategien for skuleutvikling; Herøyskulen ein los i leia
- 1.5. Utarbeiding og gjennomgang av stillingsomtalar for og forventningar til assistentane i skule og SFO.
- 1.6. Implementering av ny modul i skuleadministrativt program, vil effektivisere planlegging og rapportering på sikt.
- 1.7. Etablering av Beredskapsteam mot mobbing

2. VEDTAK

Vedtaksrapport omfattar vedtak frå og med 1.mai – 1.september 2016 frå kommunestyret:

Saksnummer K-sak 89/16	Sakstittel Revisjon av SFO-vedtektene
Vedtak	Kommunestyret godkjenner endringane i vedtekter for SFO, gjeldande frå 1. august 2016 med slikt tillegg i § 8 b: «Bruk elektronisk skjema som ligg på Herøy kommune si heimeside. Søknadsfrist 31. mai.»
Status	Nye vedtekter innført pr.1.august 2016
Framdrift	-

3. TENESTE

Tre avvik meldt frå kulturskulen på bygningsmessige forhold. Avvika vidaresendt til eigedomsavdelinga. Elles ingen avvik eller klager på enkeltvedtak i perioden.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingen registrerte pålegg i perioden.

Fosnavåg, 6.september 2016
Skuleleiaren

Barn,- familie- og helseavdelinga

Leiar for Barn-, familie og helseavdelinga
Inger Marie Tofthagen

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Hending

Kommunestyret vedtok i sak 45/16 strategisk rekrutteringsplan fastlegar 2016-2018. Saka er følgt opp ved mellom anna at det er ført forhandlinar med fastlegane ved dei to sentra og kome fram til einigheit om ei lik avtale ved legekontora. Forhandlingane vart ført i ei god tone og baa partar er godt nøgde med resultatet av forhandlingane. Etter handsaming i kommunestyret vil avtalen med den einskilde lege verte signert. Dei ledige fastlegeheimlane vil også då verte utlyste. Med den reviderte avtalen er ein kome eit skritt på vegen til ein meir stabil legeteneste i kommunen. Det er viktig frametter at heile kommunen er med på å snakke opp tenesten slik at det skal lykkast å få nye legar til kommunen.

Hending

Avdelinga har fortsatt arbeida med å verte ei samansveisa avdeling kor alle er fullt integrert. Vi har gode, administrative og faglege, leiarmøtar kor vi trekkjer vekslar på kvarandre. Denne fleirfaglege tilnærminga er sær s viktig for at vi skal kunne levere gode tenester til dei som er i behov for samansette tenester. Møta vert og framheva som viktige for dei som er nye i organisasjonen, vi fekk to nye seksjonsleiarar (psykisk helse og barnevern) i første tertial.

Hending

Mottaket for einslege mindreårige asylsøkjare er i full drift i Fosnavåg. Arbeidet med å gi helsehjelp til dei går sin gong. Vi ser i at det kan vere utfordrande at dei bærer med seg ulik bagasje og utfordringar. Dette er ei utfordring for fleire av faggruppene i avdelinga. Vi har no fått på plass ei forsterkning av tilbodet frå helsesøster og det er positivt. Det er og utfordrande at det fort kan skje endringar med omsyn til drift av mottaket, som til dømes at opsjonen om utviding av talet på asylantar vart sagt opp med verknad frå 1.9.2016. Slike raske endringar kan verte vanskeleg å forhelde seg til for kommunen som arbeidsgivar

2. VEDTAKSRAPPORT

Ingenting å rapportere.

3. TENESTERAPPORTERING

Det er meldt 5 avvik i Kvalitetslosen siste tertial:

Eit avvik gjeld sein/manglande informasjon om skifte av sjukeheimslege. Dei andre avvika gjeld ulike område innan medisiner og samarbeid mellom Pleie- og omsorgsavdelinga og fastlege/legevakslege. Alle avvika er handsama og lukka

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere.

Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Tverrfagleg arbeid

Saman med dei øvrige avdelingane som arbeider med tverrfagleg tilnærming for barn og unge har avdelinga fortsatt dette arbeidet. Ein ser at det tverrfaglege arbeidet vert meir og meir prioritert og at den fysiske tverrfaglege plasseringa av dei ulike fagpersonane/fagområda faktisk har hatt stor positiv verknad. Det er eit utstrakt samarbeid på tvers av fagområda og avdelingane, så vel uformelt som formelt.

Fast møteplass mellom psykisk helsevern og bustadsosiale tenester

Ein gong i månaden er det no faste møter mellom dei som arbeidar med psykisk sjuke og dei som arbeidar med bustadsosiale tenester. Dette er møter som har vist seg å vere særst nyttige då desse to tenesta til dels arbeidar med dei same brukargruppene. Dei kan ved dette samarbeidet også få endå meir helheitleg syn på tenestene og brukarane.

Aktivitet i samband med asylmottaket for einslege mindreårige

I samband med at mottaket vart etablert har det vore eit utstrakt samarbeid og utviklingsarbeid, så vel samane med mottaket som saman med andre kommuner som

har erfaring med mottak. Det har etter kvart vorte etablert gode samarbeidsarenaer for arbeidet slik at ein endå betre kan identifisere og løyse utfordringane.

30.9.2016

Inger Marie Tofthagen

PLEIE- OG OMSORGSAVDELINGA

Renathe Rossi-Kaldhol

1. VIKTIGE HENDINGAR ANDRE TERTIAL

Avdelinga har ingen store hendingar dette tertialet, men hendingar som kan vere verdt å merke seg er:

- Avdelinga opplever høgt press i heimetenesta, samstundes som vi er midt i ei omorganisering i samband med nye omsorgsbustadar. Desse skal etter planen vere i drift frå februar 2017. Behov i heimetenesta er meldt inn i budsjettarbeidet.
- Det skjer ei oppgåvevriding frå sjukehus til kommunar som fører til at folk i alle aldrar, også med alvorlege diagnosar skal få tilbod om heimetenester. Dette gir nye utfordringar til kommunane, både når det gjeld kompetanse og økonomi. Sjukehuset krev også at kommunen stiller med sine fagfolk for å dekke vakter på sjukehuset når pasientar er innlagt der. Det er usemje om betalingsordning, og dette er sett på dagsorden i Overordna Samhandlingsutval. Konst.leiar for pleie og omsorg i Herøy, sit som medlem i arbeidsutvalet frå kommunal side, med mandat om å utarbeide eit forslag til samarbeidsavtale mellom kommunane og sjukehusa i Møre og Romsdal.
- Manglande kontinuitet ifht legedekning i sjukeheim, har skapt ein del frustrasjon. Ein har vore usikker på om det har vore forsvarleg å ta i mot pasientar på Ø-hjelpsplassar utan avklart legedekning. Dette er kommunisert og avklart, slik at vi legg til grunn at dette «flyt» betre framover.
- Herøy kommune opplever fortsatt høgt press på institusjonsplassar. Førebels har vi klart å ta i mot alle pasientar som vert meldt utskrivingsklare frå sjukehusa.

2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtaksrapport omfattar vedtak frå og med 01.05.2016- 30.09.2016:

Ingen vedtak

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik i Compilo (kvalitetsslosen) frå 1.5.16 – 30.09.16:

Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middels alvorsgrad	Høg alvorsgrad
Helse, miljø og tryggleik	20	6	9	5
Organisasjon	26	5	15	6

Teneste/brukar	38	7	21	10
----------------	----	---	----	----

Merk: Nokre avvik er meldt inn på fleire kategoriar. Tiltak er satt i verk, og avvika er lukka.

Avvik frå offentlege tilsynsorgan

Ingingting å rapportere.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingingting å rapportere på andre tertial. Vi har ein merknad frå mattilsynet ifht utstyr for nedkjøling av mat frå fyrste tertial. Dette er førebels ikkje på plass.

Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Tilpasning til helsenett

Det pågår framleis eit utviklingsarbeid med den elektroniske kommunikasjonen innad i helsenettet.

Prosjekt bemanningsteam

Siste praktiske førebuingar er gjort. Det er lyst ut etter ressursar, gjennomført tilsetting, og dei tilsette er klar for oppstart den 03.10.16.

Prosjekt aktivitetsvenn

Prosjektet pågår. Gjennom midlar frå demensaksjonen i Nasjonalforeningen, vart Herøy kommune som ei av tre kommunar i fylket, plukka ut til å vere med på dette prosjektet.

Omlægging av drift for heimeteneste distrikt 1 og 2, og gul avdeling

Som følge av nybygget er det sett i verk eit arbeid der ein vil omorganisere drifta ved dei nemnde avdelingane. Dette skal vere ferdigstilt til innflytting i nybygget over nyttår 2017.

Eit år med fokus på førebygging og akitivitet hos eldre

Etter fagdagen i januar har alle avdelingane valt ut sine tiltak som dei skal arbeide spesielt med dette året. Tiltaka vert samla i leiargruppa og ein skal evaluere effekten av desse etter eit år.

Renathe Rossi-Kaldhol

Konst. leiar for pleie og omsorgsavdelinga

BU- OG HABILITERINGS-AVDELINGA

Renathe Rossi-Kaldhol

1. VIKTIGE HENDINGAR ANDRE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Tilsyn frå Fylkesmannen på enkeltbrukar etter helse og omsorgstenestelova, om bruk av tvang og makt etter kapittel 9. Fylkesmannen konkluderte med 1 avvik. Tiltak er satt i verk for lukking av avvik.

Avdelinga har nokre utfordringar knytt til utagering, der tilsette vert råka. Tiltak vert vurdert kontinuerleg for å ha både trygge brukarar og trygge tilsette.

2. VEDTAK

Vedtaksrapport omfattar vedtak frå og med 01.05.2016- 30.09.2016:

Ingen vedtak

3. TENESTE

Det er meldt slike avvik i Compilo (Kvalitetslosen) frå 01.05.16 – 30.09.16: 34 avvik

Kategori	Tal samla	Låg alvorsgrad	Middels alvorsgrad	Høg alvorsgrad	Status
Helse, miljø og tryggleik	14	4	7	3	13/14: Lukka
Organisasjon	7	2	5	0	7/7: Lukka
Teneste/brukar	23	3	15	5	22/23: Lukka

Merk: Nokre avvik er meldt inn i fleire kategoriar.

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Fylkesmannen har hatt tilsyn i forhold til enkeltbrukar og HOTL kap 9, tvang og makt. Fylkesmannen gav oss eit avvik. Tiltak for å lukke avviket er satt i verk.

Utviklingsarbeid

Det er sett i verk fylgjande utviklingsoppgåver innafor avdelinga sitt ansvarsområde:

Arbeid med «Herøy ressurscenter»:

Bu- og habiliteringsavdelinga har samarbeidd med Eigedomsavdelinga med ferdigstilling av byggeprogram til Herøy ressurscenter, som var til handsaming i kommunestyret den 29.09.16.

Arbeid med utvikling av «kompetanseteam»:

Bu- og habiliteringsavdelinga har ikkje prioritert dette prosjektet. Førebels lagt på is.

Arbeid med omorganiseringsprosessen:

Bu- og habiliteringsavdelinga er ein aktiv medspelar i arbeidet med vurdering av framtidig organisasjonsstruktur.

Renathe Rossi-Kaldhol

Leiar for bu- og habiliteringsavdelinga.

KULTURAVDELINGA

Kulturleiar Eileen Gjerde

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Folkebiblioteket

1. Prosjektet Nynorske lesefrø i samarbeid med Nynorsksenteret avslutta i mars. Alle 9 barnehagane i kommunen har hatt fokus på nynorsk språkstimulering. Biblioteket sitt bidrag, som vi held fram med: Lesestunder kvar 14. dag og organisering av bokdepot til barnehagane.
2. Ansvar for årets regionmøte for bibliotektilsette på Søre Sunnmøre. 18 deltakarar med tema m.a. om økonomiske støtteordningar for utvikling av biblioteka som møteplassar og debattarena.
3. Utprøving av eit konsept for Språkkafe for innvandrarakar som vil ha språktrening i ei sosial ramme. Frivillige herøyveringar som medhjelparakar. Evaluering i juni.
4. Tilsetting av vikar for medarbeidar i svangerskapspermisjon.

Frivilligsentralen

1. 9.mai arrangerte sentralen «Aktivitetsdag på Herøy omsorgssenter» i samarbeid med kulturkontaktane på sjukeheimane, Ytre Herøy pensjonistlag og LHL. Arrangementet bestod av utandørs trimøkt og gå/trilletur, samt kaffi og kaker etter trimmen.
2. 29.mai arrangerte sentralen «Alle til topps» med fokus på inkludering, saman med 10 andre frivilligsentralar på Sunnmøre. Tjørvåg IL hadde ansvar for arrangementet ved Djupvikvatnet og frivilligsentralen ved Heid. Det var godt oppmøte og god stemning begge stader.
3. I august har fokus bl.a. vore på planlegging av 2017. Sentralen ventar framleis på avklaring frå eigedomsavdelinga ang. tidspunkt for flytting til kulturhuset.

Barne og ungdomsarbeid

1. Ungdom med MOT (UMM) har vore på besøk til alle 7.klassingar i kommunen med sitt opplegg med mål å lette overgangen til ungdomsskulen. Fyrste veka etter skulestart har UMM, som no er 10.klassingar, vore i lag med dei nye 8.klassingane.
2. Planlagt og gjennomført sommarfest for psykisk utviklingshemma Tysdagsklubben i «Kvalsvikteltet» der grilling og dans med levande musikk stod på programmet .
3. Ungdomsrådet har mala og klargjort fritidsklubben slik at den er klar for oppstart i september.

Kulturkontoret

1. Organisasjonsutviklingsprosessen.
2. Byggeprogram for Herøy kulturhus og fleirbrukshall Einedalen.
3. Deltaking i arbeidsgruppe for ny fagplan til folkebiblioteka i Møre og Romsdal i regi av fylkesbiblioteket.
4. Offisiell reise til Shetland saman med Herøy Rotaryklubb.
5. Tilrettelegging for rehabilitering av Sunnmørsjekta «Anna Olava».
6. Tilrettelegging for etablering av jektenaust og formidlingsbygg til Sunnmørsjekta.
7. Operasjonalisering av skjøtselplan for Herøy gard.
8. Deltaking i gjennomføring av Herøyspelet «Kongens Ring», samt aktivitetar i samarbeid med kyrkjene i forbindelse med spelhelga.
9. Handlingsplan 2017 for Herøy kystmuseum.
10. Nytt felles turkart for Sande kommune og Herøy kommune.

Konserthus og kino

1. Konserthuset har i perioden mai-august avvikla totalt 9 arrangement med totalt 2.225 besøkande. Eit av desse var konserten med Vamp på Herøy amfi der det vart seld 1.249 billettar. I same periode i 2015 hadde vi 8 arrangement med totalt 1.095 i besøk.
2. Kinoen har i 2 tertial hatt 427 framsyningar og eit besøk på 8.794. Det er ei auke på 11% i høve til same periode i 2015.
3. Kinoen har delteke på to filmtreff, Landsmøte i Film og Kino samt den årlege Filmfestivalen i Haugesund.

Kulturhus og idrettshall

1. Flytting og tilrettelegging av aktivitetar for m.a. korps, kulturskule og IKT-avdeling.
2. Tildeling av treningstider for skuleåret 2016-2017 i idrettshallen
3. Tildeling av øvingstider for skuleåret 2016-2017 i festsalen

2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå:

Kommunestyret - 28.04.2016

63/16	FOSNAVÅG KINO - AUKE STILLINGSHEIMEL
Vedtak	1. Kommunestyret vedtek å auke den faste stillingsheimlen ved Fosnavåg kino med 50 %, frå totalt 110 % til 160 %. 2. Stillingsheimlen vert finansiert over budsjettet til Fosnavåg kino.

Status	Pågår.
Framdrift	Utlysing og tilsetjing i nye stillingar blir gjort i samarbeid med personalavdelinga

Komiteen for næring, kultur og idrett - 13.06.2016

50/16	SØKNAD OM KULTURMIDLAR - LEIKEPLASSTILSKOT, FRØYSTAD GRENDALAG
Vedtak	1. Frøystad Grannelag gis eit tilskot på kr. 15 000 til etablering av gapahuk på grusbana på Frøystad. 2. Tilskotet kan utbetalast når kvitteringar for kjøp ligg føre. 3. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.380 Leikeplasstilskot.
Status	Avventer tilbakemelding frå tilskotsmottakar.
Framdrift	

51/16	SØKNAD OM KULTURMIDLAR - LEIKEPLASSTILSKOT, STORNESET GRANNELAG
Vedtak	1. Storneset grannelag gis eit tilskot på kr. 15 000 til etablering av gapahuk/grillhytte på leikeplass på Storneset. 2. Tilskotet kan utbetalast når kvitteringar for kjøp ligg føre. 3. Tilskotet vert dekt over post 14700.4011.380 Leikeplasstilskot.
Status	Avslutta.
Framdrift	

Kommunestyret - 22.06.2016

111/16	AVGRENSA REVIDERING AV "PRIORITERT HANDLINGSPROGRAM" I KOMMUNEDELPLANEN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV 2015-2018
Vedtak	Herøy kommune vedtek i medhald av Pbl. §11-4 å gjere ei avgrensa revidering av kommunedelplanen for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2015-2018 slik det ligg føre i framlegget.
Status	Avslutta.

Framdrift	
105/16	INTENSJONSAVTALE FOR ETABLERING AV JEKTEAUST MED FORMIDLINGSBYGG FOR SUNNMØRSJEKTA "ANNA OLAVA"
Vedtak	1. Herøy kommunestyre gir si tilslutning til å utvikle Herøy kystmuseum gjennom eit prosjekt for etablering av naust til sunnmørsjekta «Anna Olava», med tilhøyrande formidlingsbygg. 2. Herøy kommune og Stiftinga Sunnmøre Museum inngår ein intensjonsavtale som grunnlag for prosjektet. Ordførar gis mynde til å signere intensjonsavtalen på vegne av kommunen.
Status	Pågår.
Framdrift	Det er utarbeidd framdriftsplan for arbeidet og utkast til intensjonsavtale.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Det er meldt slike avvik til anna avdeling:

Ingenting å rapportere.

Det er meldt slike avvik i Compilo (Kvalitetslosen) siste tertial:

Ingenting å rapportere.

Avvik frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Ingenting å rapportere

Utviklingsarbeid

Ingenting å rapportere ut over det som er nemnt over.

Utviklingsavdelinga

Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

Rapporten gjeld for utviklingsavdelinga siste periode.

1. VIKTIGE HENDINGAR SISTE TERTIAL

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar innafor sitt ansvarsområde:

Plan

Avdelinga har hatt redusert kapasitet pga. oppseiingar. Ny planleggar var på plass 1 juli og siste den 1 september.


Det har vore arbeid med mange saker og fleire av sakene ligg i dag ute til høyring. Følgjande planar er avslutta i siste periode med vedtak i kommunestyret eller formannskapet: *Detaljreguleringsplan for deler av Kvalsvik hamn, Kommunedelplan for Herøy - avlaupsplan 2016-2020*

Avdelinga har 41 planoppgåver på lista si pr.dato, av desse er 15 (17) private planar.

Oversikt ligg vedlagt, 01.

Byggesak

Avdelinga ser ein nedgang av innkomne saker, men kompleksiteten aukar. Det er til tider høgt arbeidstrykk på dei tilsette. I andre tertial er det kome inn 111 saker (131 i same periode i fjor) og det er handsama 106 saker (137 i same periode i fjor).



Oppmåling (tal frå første tertial)

I andre tertial er det gjennomført 28 (17) oppmålingsforretningar, herav 22 (6) bustadtomter, 1 (3) næringstomt, 2 (2) nausttomter og 2 (6) anna formål. Ein har pr. 29.09.2016, 8 (19) oppmålingsforretningar på vent, kor dei fleste er anten utsett av rekvirent eller av anna årsaker, medan 2 er nye saker.

Oversikt ligg vedlagt, 02.

Eigedom

Utviklingsavdelinga har teke over sal og kjøp av ubebygd eigedom frå eigedomsavdelinga. Det vert arbeidd systematisk og godt saman med servicetorget

Oversikt ligg vedlagt, 03.

Anlegg

Av oversikta viser det seg at ein har 31 oppgåver totalt. Det som vert prioritert i starten av 2016 er å avslutte eldre saker og foreta økonomisk avslutning på prosjekt.

Oversikt ligg vedlagt, 04.

Brann

Ingenting særskilt å kommentere

Drift

Ingenting særskilt å kommentere

Oversikt ligg vedlagt, 05.

2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtaksrapporten omfattar vedtak frå kommunestyret tilbake til mars 2015:

SAKSNUMMER	Bypark, Huldalskrysset og trafikkforhold Djupedalen
Vedtak	K SAK 33/15 – 26.03.2015
Status	Ikkje arbeid med i siste periode
Framdrift	Vert å vurdere i samband med byutviklingsprosjektet der ein ser samla på byrom, parkering og mobilitet for Fosnavåg.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Ingenting særskilt å rapportere.

Utviklingsarbeid

- Byutviklingsprosjektet, det vert arbeidd med visjon, planlegging av byrom og kryssing mot Vågsholmen
- Mudring av Fosnavåg hamn vil ha særskild merksemd utover året
- Fosnavåg nyskapingspark
- Omorganiseringsprosessen går vidare og vil krevje ressursar.

OPPMÅLING


Utviklingsleiar Jarl Martin Møller

Rapportdato: 29.09.2016

Ansvarleg: Andreas Vagnildhaug

Status	I andre tertial er det gjennomført 28 oppmålingsforretningar, herav 22 bustadtomter, 1 næringstomt, 2 nausttomter og 2 anna formål. Ein har pr. 29.09.2016, 8 oppmålingsforretningar på vent, kor dei fleste er anten utsett av rekvirent eller av anna årsaker, medan 2 er nye saker.
Framdrift	Avdelinga har 3 tilsette til oppmålingsarbeid (til saman reelt 250 % pr. 29.09.2016), og med noko mindre aktivitet er det no kort ventetid på oppmåling.

AKTIVITET:



[illegible]

5122/332 Vegvedlikehald

Avvik	1. Dårleg dekke og bereevne på mange av dei kommunale vegane. 2. Generelt mangelfull grøfting/drenering langs vegane 3. Behov for reasfaltering inkl. nødvendige forsterkningar 4. Ressursmangel gjer at vedlikehaldet er begrensa til det ein vurderer å vere eit minimumsbehov.	Alvorleg/Moderat
Status	Det kommunale vegnettet har enno mange vegar med dårleg dekke og bereevne.	
Framdrift	Ingen midlar, noko som gjer at behovet er aukande.	

5125/ 380 Idrett

Avvik	Ressursmangel gjer at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald	Moderat
Status	Anlegga er til dels slitne og har behov for opprusting. Vedlikehaldsetterslepet aukar år for år. I tillegg er det fleire dekker som må utbetrast pga. dårleg grunnarbeid, og to anlegg der ingen har ansvar for vedlikehald. I år har alle kunstgrasbanene fått påfyll med gummigranulat.	
Framdrift	Uviss. Avhengig av ressursar. Stort behov for auka budsjett.	

5126/335 Sentrum og grøntanlegg

Avvik	Ressursmangel gjer at det berre vert utført eit minimum av drift og vedlikehald	Moderat/Alvorleg
Status	Sentrumsområda er til dels slitne og har behov for opprusting. Vedlikehaldsetterslepet aukar år for år. I år har ein prioritert å skifte ut belysning ved fortau A. Sævik, skifte belysning i miniparken ved Olav Arntzen i samband med avduking av statua av Gerhard Voldnes, skifte av vindpølser på Thon hotel og reoperasjon av ein del gjerder i tillegg til eit minimum av arbeid med grøntareala. Stort behov for ein eigen person med ansvar for grøntareal.	
Framdrift	Uviss. Avhengig av ressursar.	

5123/330 Hamn

Avvik	1. Lovpålagde innretningar er mangelfulle 2. Gjennomføring av inspeksjon av kaier/kaikonstruksjonar berre delvis gjennomført 3. Manglar ved straumforsyningsanlegg, fenderverk m.m.	Alvorleg/Moderat
Status	Sak om innføring av hamneavgifter er under arbeid.	
Framdrift	Uviss. Avhengig av ressursar.	

5131/353,350 Avlaup

Avvik	Har ikkje teknisk vakt.	Alvorleg
Status	Ulike løysingar for teknisk vakt vert vurdert. Ein kan ikkje pårekne at dei tilsette stiller opp til alle døgnets tider. Enkelte vert for mykje belasta utanom	

	normalarbeidstid.
Framdrift	Målset oppretting av teknisk vakt snarast mogleg i 2017.

5121/332 Veg- og gatelys

Avvik	Det går for lang tid å få gjort utført nødvendig drifts- og vedlikehaldsarbeid på veglysnettet.	Moderat
Status	Manglande kapasitet hos Mørenett AS og i Utviklingsavdelinga til å få utført reparasjon og oppfølging av feil og manglar på veglysnettet. Mørenett AS er einaste leverandør av slike tenester.	
Framdrift	Etter kapasitet på avdelinga og hos Mørenett AS.	

Pålegg frå offentlege tilsynsorgan

Arbeidstilsynet:

	Tilrettelegging/etablering av skiten og rein sone(garderobe) ved kommuneverkstaden	
Status	Pålegg frå Arbeidstilsynet om manglande tilrettelegging av skiten og rein sone (garderobe) ved uteseksjonen til Anleggs- og driftsavdelinga. Ikkje mogleg å få til i dagens lokale.	
Framdrift	Nye lokale må byggast.	

EIGEDOMSAVDELINGA

Eigedomsleiar Robert Myklebust

1. VIKTIGE HENDINGAR I ANDRE TERTIAL 2016

Avdelinga rapporterer særleg om fylgjande hendingar andre tertial:

Industrivegen 19

Herøy kommune tapte anbodskonkurransen vedrørande utleige av Industrivegen 19 til Mattilsynet. Egedomen vert annonsert for utleige i løpet av tredje tertial 2016. Dersom vi ikkje får inn nye leigetakarar, taper vi inntekter og får auka driftskostnader.

Arbeidstilsynet

Arbeidstilsynet har gjennomført tilsyn ved hovudbrannstasjonen på Eggesbønes og gitt pålegg om å utbetre arbeidsforholda då avvik, særleg knytt til garderobeforhold, ikkje vurderast som forsvarlege. Eigedomsavdelinga har utarbeida byggeprogram for ny hovudbrannstasjon og oversendt dette til politisk handsaming. Herøy kommune har etter eigedomsavdelinga si vurdering difor ikkje anna val enn å bygge ny hovudbrannstasjon.

Arbeidstilsynet har også gjennomført tilsyn ved Herøy kulturskule sine lokale ved Herøy kulturhus. Tilsynet har førebels ført til pålegg om risikovurdering av inneklimateforholda ved bygget.

Byggeprogram

Eigedomsavdelinga ferdigstilte 5 byggeprogram etter at formannskapet utsette handsaminga i møte i juni. Kostnadskalkyle for dei ulike prosjekta er no ferdigstilt som grunnlag for budsjettprioritering.

2. VEDTAKSRAPPORT

Vedtak i kommunestyret og formannskapet i andre tertial. For saker knytt til byggeprosjekt, sjå tertialrapport byggeprosjekt.

K-sak 85/16	Godkjenning av låneopptak i Husbanken – startlån 2016
Vedtak	Kommunestyret godkjenner låneopptak i Husbanken, stort kr. 3 000 000,- til vidare

	utlån til startlån på dei vilkår som går fram av tilsagnsbrev og låneavtale frå Husbanken.
Status	Husbanken har utbetalt lånebeløpet.
Framdrift	Rapportering avsluttast.

K-sak 85/16	Innleige av lokale – IKT-avdelinga
Vedtak	1. Kommunestyret godkjenner innleige av lokale for IKT-avdelinga og gir ordføraren fullmakt til å signere avtale med Vestbygget AS om innleige av lokale for 5 år med opsjon på ytterlegare leige i 5 nye år. 2. Innleiga vert finansiert over driftsbudsjettet til Eigedom og IKT. Rådmannen får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettendringar.
Status	Husleigekontrakt er signert. Leigeobjektet er teke i bruk.
Framdrift	Rapportering avsluttast.

K-sak 86/16	Innleige av lokale – Eigedomsavdelinga
Vedtak	1. Kommunestyret godkjenner innleige av lokale for eigedomsavdelinga sin seksjon byggdrift og gir ordføraren fullmakt til å signere avtale med Vestbygget AS om innleige av lokale for 5 år med opsjon på ytterlegare leige i 5 nye år. 2. Innleiga vert finansiert over eigedomdavdelinga sitt driftsbudsjett. Rådmannen får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettendringar.
Status	Husleigekontrakt er signert. Leigeobjektet er teke i bruk.
Framdrift	Rapportering avsluttast.

K-sak 87/16	Innleige av lokale – Skuleavdelinga
Vedtak	1. Kommunestyret godkjenner innleige av lokale for skuleavdelinga og gir ordføraren fullmakt til å signere avtale med Igero AS om innleige av lokale for 3 år med opsjon på ytterlegare leige i 3 år. 2. Leigekostnadene vert finansiert frå statlege tilskot slik det går fram av saksutgreiinga. Rådmannen får fullmakt til å gjere nødvendige budsjettendringar.
Status	Husleigekontrakt er signert men skal reforhandlast med ny eigar av leigeobjektet.
Framdrift	Rapportering avsluttast.

3. TENESTERAPPORTERING

Intern avviksrapportering

Kvalitetslosen er ikkje fullt ut implementert blant dei tilsette i eigedomsavdelinga. Dette skuldast fyrst og fremst at ikkje alle tilsette har datatilgang i det daglege arbeidet. Vi har sett i gang eit prosjekt med nettbrett, særleg inn mot reinhaldstilsette, for å utbetre dette.

Av dei avvik som er meldt inn i systemet, er hovuddelen knytta til arbeidsoppgåver som ikkje er gjennomført innan fristen. Dette skuldast sterkt arbeidspress, for få tilsette og for manglande budsjettdekning for tiltak.

Avvik frå offentlege tilsyn

Branntilsyn

Herøy brann og redning gjennomfører branntilsyn i kommunale bygg. Det er mange avvik, både organisatorisk og byggteknisk. Det vert jobba kontinuerleg for å lukke desse avvika.

Pålegg frå offentlege tilsyn

Arbeidstilsynet – tilsyn med kommunens bygg Sjukeheimsvegen 10	
Pålegg	Arbeidstilsynet har i brev av 12.04.2016 gitt slike pålegg knytt til fysisk arbeidsmiljø: 1. Inneklima og fuktskader 2. Inneklima og luftkvalitet 3. Arbeidsplasser og arbeidslokaler 4. HMS-arbeid – kartlegging og risikovurdering 5. Kjemisk helsefare
Status	Pålegg 1, 2, 3 og 5 er knytt til fysisk arbeidsmiljø. Eigedomsavdelinga vurderer det ikkje som forsvarleg i kost/nytte-samanheng å søke pålegga lukka gjennom tiltak i eksisterande bygg. Avdelinga har difor annonsert etter ledige lokale som stettar dei krav Arbeidstilsynet stiller i sin rapport. Pålegg 4 er knytt til HMS-arbeidet og inneber at avdelinga må revidere sin plan for helse, miljø og sikkerheit, herunder også revidere risikoanalyse og handlingsplan for sitt ansvarsområde. Dette siste avvikspunktet er svært arbeidskrevjande.
Framdrift	Tilsvar er sendt. Handlingsplan er utarbeida, men ikkje alle tiltak er lukka.

Utviklingsarbeid

Digitalisering av planteikningar

Eigedomsavdelinga har starta arbeidet med å digitalisere planteikningane for kommunale bygg for bruk i avdelinga sitt FDV-system FamacWeb. Digitalisering inneber at dei tilsette kan hente ut informasjon om det aktuelle bygg ned på romnivå via mobiltelefon eller nettbrett. Digitaliserte teikningar vil i fyrste omgang testast ut i samband med reinhald av kommunens bygg.

Vedlikehaldsplan 2016

